

Trygg og framtidsretta




Timeplan
2017 - 2020

Vedtatt i Time kommunestyre 06.12.2016



Time kommune





- Trygg og framtidsretta

Kommunen (politikarar, leiarar, medarbeidrarar og tillitsvalde) skal være prega av:

- Ansvar
- Engasjement
- Gjensidig respekt
- Optimisme

Mål

Innbyggjarane/brukarane: Rett teneste til rett tid

Medarbeidarane: Stolte og kompetente

Samfunn/miljø: Alle bryr seg og tek ansvar for framtida

Økonomi: Sunn økonomi som sikrar måloppnåing

Kjenneteikn for alle leiarar i Time kommune

- Tek ansvar for heilskapen og samarbeider
- Synleg og tydeleg leiing
- Verdi og kulturyggjar
- Kommuniserer ope og aktivt
- Er brukar-, mål- og handlingsorientert
- Motiverer, skaper trivsel og gjer kvarandre gode

Innhald

1. Samandrag	6
Investeringar 2017-2020	7
2. Utviklingstrekk	8
2.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk	8
2.2 Folketalsutvikling	9
3. Lokalsamfunnet Time Kommune	11
3.1. Samfunnsutvikling	11
3.2 Time for alle	12
3.3 Trygg i nærmiljøet	13
3.4 Førebygging og tidleg innsats	14
3.5 Kultur og trivsel	14
3.6 Bryne – byen vår	14
3.7 Kommuneorganisasjonen	15
3.8 Mål for langtidsperioden	17
4. Økonomi	18
4.1 Statsbudsjettet 2017	18
4.2 Rammer og føresetnader – Timeplanen 2017-2020	20
4.2.1 Inntektsføresetnader	20
4.2.2 Utgiftsføresetnader	21
4.3 Nøkkeltal og risikoanalyse	22
5. Omstilla, fornya og forenkla	24
5.1 Status og utfordringar	24
5.2 Mål for langtidsperioden	25
5.3 Tiltak i 2017	25
6. Velferdstenester	26
6.1 Oppvekst	26
6.1.1 Status og utfordringar	26
6.1.2 Mål for langtidsperioden	32
6.1.3 Tiltak i 2017	33
6.1.4 Tabell over netto utgiftsrammer tildelt tenesteområdet	34
6.1.5 Endringar med økonomiske konsekvensar i planperioden	35
6.1.6 Oversikt over personalressursar	35
6.2 Omsorg	36
6.2.1 Status og utfordringar	36
6.2.2 Mål for langtidsperioden	39
6.2.3 Tiltak i 2017	39
6.2.4 Tabell over netto utgiftsrammer tildelt tenesteområdet	40
6.2.5 Endringar med økonomiske konsekvensar i planperioden	40
6.2.6 Oversikt over personalressursar	40

6.3 Samfunn	41
6.3.1 Status og utfordringar	41
6.3.2 Mål for langtidsperioden	46
6.3.3 Tiltak i 2017	46
6.3.4 Tabell over netto utgiftsrammer tildelt tenesteområdet	48
6.3.5 Endringar med økonomiske konsekvensar i planperioden	48
6.3.6 Oversikt over personalressursar	49
6.4 Stabstenester	49
6.4.1 Status og utfordringar	49
6.4.2 Mål for langtidsperioden	52
6.4.3 Tiltak i 2017	52
6.4.4 Tabell over netto utgiftsrammer tildelt tenesteområdet	53
6.4.5 Endringar med økonomiske konsekvensar i planperioden	53
6.4.6 Oversikt over personalressursar	53
7. Kommunen som arbeidsgjevar	54
7.1 Status og utfordringar	54
7.2 Mål for langtidsperioden	56
7.3 Tiltak i 2017	56
8. Investeringar for langtidsperioden og årsbudsjett for 2017	57
8.1 Totaloversikt – netto finansieringsbehov og finansiering	57
8.2 Investeringsprosjekt – tabellar og omtale	58
8.3 Trafikksikringsplan	71
8.4 Handlingsprogram for anlegg med delfinansiering frå spelemidlar	73
9. Brukarundersøkingar og planstrategi	77
9.1 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar	77
9.2 Kommunale planar (Planstrategi 2015-2019 – Status)	77
10. Vedtak	79
11. Vedlegg	83
11.1 Obligatoriske oversikter i økonomiplanforskrifta	83
11.2 Oversikt over premisser for gebyr og brukarbetaling	88
11.2.1 Oppvekst	88
11.2.2 Omsorg	88
11.2.3 Samfunn	89
11.2.4 Stabstenester	91



1. Samandrag

Timeplanen 2017-2020 er Time kommune sitt verktøy for langsiktig planlegging. Planen er knytta direkte til samfunnssdelen i kommuneplanen jf. kap. 3. Økonomiplanen skal peika ut utviklingsretninga for kommunen sitt tenestetilbod og kommunen sin ressursbruk i komande fireårsperiode.

Rådmannen sitt forslag til Timeplan for 2017-2020 viser kva tiltak, langsiktige mål og økonomiske prioriteringar som rådmannen meiner bør prioriterast innanfor dei økonomiske rammene kommunen rår over. Forslaget vert nå lagt fram for dei folkevalde til endeleg godkjenning.

Meir detaljert informasjon om status og utfordringar i tenestetilbodet til kommunen, går fram av Årsrapport 2015, Statistikkrapport 2015 og tertialrapportar for 2016.

Sør-Vestlandet er prega av nedgangen i oljesektoren. Mange har mista jobben i oljeindustrien og det skapar også lågare aktivitet i mange andre bransjar. Dette har ført til at Rogaland har landet si høgaste arbeidsløyse, folkeveksten har stoppa opp og det er netto utflytting frå regionen.

Arbeidsløysa har vist ein liten nedgang dei siste månadane, men det ser ut til at det vil ta tid før nedgangen stagnerer heilt. Regionen kan ikkje venta å nå det høge aktivitetsnivået me hadde før oljekrisa. Me har i føresetnaden lagt inn at folkeveksten i Time er forventa å bli under 1 % 2016 og 2017 og at den aukar noko til om lag 1,6 % resten av planperioden.

Redusert vekst medfører bortfall av veksttilskot i rammetilskotet. Dette kjem samtidig med ei omlegging av rammefinansieringssystemet. Time taper dermed i løpet av eit par år omlag 25 millionar kroner i rammetilskot.

Time kommune sine skatteinntekter som før auka meir enn landsgjennomsnittet, har dei to siste åra vist lågare vekst enn for landet. Me har i budsjettet lagt opp til denne negative trenden snur i 2017 og at me får ein vekst minst på nivå med landet.

Kommunen har store barnekull i førskulealder og når dei kjem inn i skulen, har me behov for auka skulekapasitet. I år har det vist seg at netto utflytting både i førskule og skulealder, medfører lågare vekst i elevtalet enn me har forventa. Det er likevel slik at me har behov for utvida kapasitet i både barne- og ungdomsskulen i planperidoen. Redusert vekst medfører at me ikkje ser behov for ny barneskule på Bryne i denne planperioden. Me vil løyse kapasitesproblema i andre kommunale bygg.

Ei direkte følje av situasjonen i arbeidsmarknaden er at utgiftene til sosialhjelp aukar. Det blir frå 2017 innført aktivitetsplikt for unge sosialhjelppotakkarar og introduksjonsprogram for flykningar blir meir brukartilpassa slik at dei skal kome seg raskare i arbeid eller utdanning.

Innføring av nettbrett for alle klassetrinn er den største satsinga i planperioden. Me forventar at dette gir resultat på mellom anna leseferdigheter, meir tilpassa opplæring, meir motiverte elevar og dermed også i neste omgang lågare fråfall frå vidaregåande skule.

Den store inntektssvikten har medført at rådmannen har saldert budsjettet med ei rammejustering i 2018-2020. Det blir oppretta eit omstillings- og effektiviseringsprosjekt fram mot neste økonomiplanrullering som skal fremma forslag som gir balanse mellom inntekter og utgifter for dei kommande åra i planperioden.

For å takla veksten i perioden og driva førebygging og tidleg innsats må det setjast i verk nye tiltak. Desse bidreg også til at budsjettet ikkje går i balanse utover i perioden. Det blir derfor viktig at omstilingsprosjektet vurderer heile drifta i organisasjonen og gjer prioriteringar som gir handlingsrom framover.

Dei største satsingsområda i driftsbudsjettet for denne planperioden er:

- Auka kapasitet i perioden
 - 230 nye skuleelevar
 - 35 nye barnehageplassar
 - 7 nye bustadar for funksjonshemma i Stemmen burettslag
- Førebygging og tidleg innsats
 - Innføra nettrett i undervisninga i alle klassetrinn i grunnskulen
 - Styrka pedagogettleiken i barnehage
 - Styrking av helsestasjon- og skulehelsetenesta
 - Satsa på å få unge «drop-outs» ut i arbeid og skule
 - Følgja opp aktivitetsplikt for unge sosialhjelppsmottakarar
 - Auka talet på tiltakslassar i kommunen
 - Styrka kvardagsrehabilitering
 - Ta i bruk velferdsteknologi
 - Nye stillingar i fysio- og ergoterapitenesta
- Andre nye driftstiltak
 - Nettrett til alle elevar
 - Auka ressursar til sosialtenesta
 - Årleg opptrapping av tilskotsordninga til interkommunalt brannvern frå 2017
 - Tilbod til fleire ressurskrevjande brukarar og høgare kommunal andel
 - Ny kino i Bryne torgsenter
 - Maling og utvending vedlikehald av rådhus bygg C
 - Drift og vedlikehald nye skulebygg
 - Innovasjon og effektivisering for å redusera behovet for nye ressursar
 - 2 nye lærlingar

Investeringar 2017-2020

Kommunen investerer brutto 804 millionar kroner i planperioden (jf. kap. 8). Dette er ein reduksjon på 50 millionar kroner i forhold til førre økonomiplan. Investeringane vert mellom anna finansiert med nye låneopptak på 385 millionar kroner. I førre planperiode var låneopptaket på 500 millionar kroner.

Dei største investeringsprosjekta i perioden 2017-2020:

- Rehabilitera bygg A og C av rådhuset
- Kjøp av Time vidaregåande skule
- Utvida skulekapasiteten på Frøyland og Bryne
- Byggja ny ungdomsskule saman med Klepp i Vardheia
- Rehabilitera og utvida Trollongane barnehage
- Byggja/kjøpa fleire kommunale utlegebustader
- Byggja Stemmen burettslag på Kverneland
- Utvida gravplassen ved Time kyrkje
- Byggja nye fleirbruks-/idrettshallar på Kverneland og Bryne
- Auka innsats i utbetringa av leikeplassar og ballbingar
- Utvida overvasskapasiteten i Bryne
- Oppgradera uteområda på begge sider langs Mølledammen

2. Utviklingstrekk

Her vert nasjonale, regionale og lokale utviklingstrekk som har verknad for planperioden synleggjort og vurdert.

2.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk

Norsk økonomi har frå årtusenskiftet nytt godt av fleire gunstige forhold. Eksportprisane har stege meir enn importprisane, oljeprisen har vore høg, veksten i prisane på importerte varer har vore låg og lønnsveksten har vore høg. Høg vekst i inntektene har saman med låge realrenter, auka etterspurnaden frå innbyggjarane. Også auka aktivitet på norsk sokkel og auka bruk av oljeinntekter over statsbudsjettet har ført til auka etterspørsel etter varer, tenester og arbeidskraft. Samtidig er veksten i produktiviteten noko redusert.

Denne trenden er nå snudd og låge oljeprisar har akselerert utviklinga då nye prosjekt i oljeindustrien ikkje vert sett i gang og vedlikehaldet vert redusert til eit minimum. Mange arbeidstakarar har måttå slutta i oljeindustrien dei siste åra. Arbeidsløysa i landet har auka og mest i Stavangerregionen. I Time har arbeidsløysa auka frå 1,7 % og har nå stabilisert seg rundt 3,5 %. I tillegg er 0,5 % av arbeidstakarane på arbeidsmarknadstiltak. Det er forventa svak betring i arbeidsmarknaden framover.

Den norske krona er sterkt svekka. Dette gjer at eksportindustrien betrar bytteforholdet til utlandet. Oljeselskapene og underleverandørane har sagt opp tilsette og effektiviserer produksjonen. Presset på lønningane er redusert slik at det vert forventa lågare lønnsvekst framover. Alt dette er med å gjera norsk næringsliv meir konkurransedyktig på lengre sikt. Næringslivet i Norge går veldig bra. Det er berre dei mest oljeavhengige områda som slit. Omstillinga her vil føra til fleire konkursar, men nye bedrifter vert starta. Omstilling tar tid og me forventar nok eit vanskeleg år for Rogaland i 2017.

Me har fortsatt låge renter, noko som medverkar til at bustadprisane i landet stig. I Rogaland har me hatt ein svak nedgang. Bustadsalet har ei tid gått seint, men no går det litt betre. Faren for kollaps i bustadmarknaden i vårt distrikt ser ut til å vera over for denne gongen.

Endringa i arbeidsmarknaden har ført til at færre arbeidsinnvandrarar kjem til landet slik at folkeveksten vert lågare. I fjor haust hadde me ei stor tilstrøyming av flyktningar. Nå har dette heilt snudd og landet får færre flyktningar enn nokon gong. Korleis dette vil gå i framtida er av avhengig av internasjonal politikk.

Kommunane i regionen vår har dei to siste åra hatt reduserte skatteinntekter og veksten er ikkje lenger like stor her som i resten av landet. Me forventar ein svak reduksjon i arbeidsløysa her og ein vekst i skatteinntektene minst på høgde med landsgjennomsnittet.

Regjeringa legg i nasjonalbudsjettet fram analysar av utviklinga i Norge og kva som vert føringane for budsjettet. Regjeringa har også i dette budsjettet satsa på arbeid, aktivitet og omstilling. Dette gjer dei med å gje gode rammevilkår til næringslivet, med å redusera selskapsskatten, å betra infrastrukturen og å satsa på å heva kompetansen på arbeidskrafta. Regjeringa meiner at norsk økonomi nå er i betring og aukar derfor ikkje løvingane til arbeidsmarknadstiltak så mykje som signalisert i revidert nasjonalbudsjett i mai.

Regjeringa foreslår 4 milliardar kroner til særskilte tiltak mot arbeidsløyse. Tiltaka er retta mot Sør- og Vestlandet og dei bransjene som er mest ramma av nedgangen i oljenæringa.

2.2 Folketalsutvikling

Historiske tal for fireårsperioden 2012-2015 viser at gjennomsnittleg årleg folkevekst for Time ligg på om lag 2,6 %. Veksten fra 2014 til 2015 var berre 1,46 %.

Bustadbyggjeprogrammet for dei første åra i planperioden, er nedjustert etter skjønn då me ikkje forventar at alle dei planlagde prosjekta vert gjennomførde i takt med tidlegare planar. Mange godkjente prosjekt vert utsette som følgje av marknadssituasjonen.

Framskrivinga tar utgangspunkt i nedjustert bustadbyggjeprogram for perioden 2015-2027, kor mange personar som bur i ulike bustadkategoriar, fødsels- og dødsrate. Folketal per 31.12.15 er brukt som basis for framskrivinga.

Landet var gjennom ein økonomisk nedtur i 2008. Då vart planlagde bustadprosjekt utsette, men då konjunkturane snudde så kom mange prosjekt på ein gong. Dette resulterte i ein folkevekst på 4 % for eit år. Denne effekten kan me få igjen, men det er vanskeleg å føresjå på nåverande tidspunkt.

Alder	Per 31.12	Framskriving				Auke i %	Auke i %
		2015	2016	2020	2024	2027	2015-2020
0-2 år	819	814	862	938	978	5,3	19,5
3-5 år	896	864	862	939	988	-3,8	10,3
6-12 år	1 802	1 905	2 101	2 125	2 199	16,6	22,0
13-15 år	753	718	777	931	921	3,2	22,3
Sum 0-15 år	4 270	4 301	4 602	4 933	5 086	7,8	19,1
16-19 år	978	1 011	983	1 110	1 233	0,6	26,1
20-66 år	11 314	11 351	12 199	13 241	13 806	7,8	22,0
Sum 16-66 år	12 292	12 362	13 182	14 351	15 039	7,2	22,3
67-79 år	1 437	1 519	1 779	2 068	2 245	23,8	56,3
80-89 år	479	487	554	658	800	15,7	67,0
90 år og over	94	101	116	136	157	23,5	67,0
Sum 67 år +	2 010	2 106	2 449	2 862	3 202	21,9	59,3
Sum	18 572	18 769	20 234	22 147	23 327	8,9	25,6


Kjelde: kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS)

Basert på desse føresetnadane veks folketalet i Time med nærmere 8,9 % fram til 2020 og 25,6 % fram til 2027. Framskrivinga i Økonomiplan for 2016-2019 viste eit folketal på 24 935 ved utgangen av 2027 –om lag 1 600 fleire innbyggjarar enn dagens framskriving.

Framskrivinga viser at veksten er venta å verta størst for aldersgruppa som er 67 år og eldre. Per i dag er 10,8 % av innbyggjarane i denne aldersgruppa, medan dei er venta å utgjera 13,7 % i 2027.

I denne framskrivinga forventar me ein nedgang i aldersgruppa 3-5 år fram til 2020 og veksten i den yngste aldersgruppa 0-2 år er nå forventa å verta langt mindre enn tidlegare framskrivingar. Dette skuldast låg forventa netto innflytting som følgje av mindre bustadbygging. Veksten av barn i skulealder held fram, men vert størst dei første fire åra og så flater den noko ut.

Folkemengd i Time



Tettstader	Per 31.12.	Framskrivning				Auke i % 2015-2027
		2015	2016	2020	2024	
Bryne	10 400	10 572	11 805	13 359	13 939	34,0
Kvernaland	3 545	3 561	3 679	4 194	4 858	37,0
Lyefjell ¹⁾	2 775	2 786	2 910	2 809	2 767	-0,3
Undheim	1 197	1 190	1 195	1 153	1 136	-5,1
Hognestad	655	661	645	631	627	-4,2
Sum	18 572	18 769	20 234	22 147	23 327	25,6

¹⁾ Inkludert Vestly

Kjelde: kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS)

Det er venta størst auke i folketalet på Bryne og Kvernaland. Auken på Bryne er nedjustert frå 48 % i førre økonomiplan. Lyefjell viser ein svak nedgang etter nedjusteringa av bustadbyggjeprogrammet medan det i førre økonomiplan var forventa ein vekst på 14 %. Folketalet på Undheim og Hognestad viser som sist ein nedgang fram mot 2027.

Kommunen har store utbyggingsområde på Lyefjell, Bryne og Kvernaland. I tillegg kjem store transformasjonsområde på Bryne og Kvernaland. Kva tid desse vert tekne i bruk til bustadbygging er usikkert og gjer at framskrivninga vert endå meir usikker i siste del av perioden.

3. Lokalsamfunnet Time kommune

Økonomiplanen er handlingsplanen til kommuneplanen sin samfunnsdel. I dette kapitlet går det fram korleis kommunen skal arbeida i perioden 2017-2020 for å oppfylla måla i samfunnsdelen. Langsidsmåla i kapittel 3 vert følgd opp med tiltak under dei ulike områda i kapittel 6.



3.1. Samfunnsutvikling

Time kommune har mål om å vera eit smart lokalsamfunn med Bryne som regionssenter og smart by. «Smarte byar og lokalsamfunn» er ei strategisk tilnærming til by- og samfunnsutvikling. Målet er å sikra bærekraft, livskvalitet og tiltrekkingskraft.

Innbyggjarinvolvering og partnarskap med næringsliv og forsking for å utvikla nye, betre og meir effektive løysingar er sentralt i smarte lokalsamfunn. Informasjonsteknologi, «Internet of Things, IoT», opne data og velferdsteknologi er viktige verktøy i det smarte samfunnet.

Arealforvaltning

For å ta vare på landbruksjorda og samtidig leggja til rette for vekst må me byggja tettare. Det betyr at eksisterande tettstader og næringsområde og nye areal må ha høg utbyggingstettleik. Utbygginga vert samla langs dei viktigaste aksane for kollektivtrafikken.

Det skal vera samanheng i grøntstrukturen, og innbyggjarane skal kunna ferdast frå eige bustadområde ut i friområde på ein enkel og trygg måte. For å betra mogleheten for å ferdast mellom tettstadane og sentrum er det viktig å leggja til rette for nye og betre kollektive løysingar.

Revidert arealdel til kommuneplan er planlagt ferdig i 2018.

Næringsutvikling

Næringslivet i kommunen er mangfoldig og variert. Næringsutviklingsarbeidet i Time kommune tar utgangspunkt i bedriftene sine behov. Gjennom aktiv dialog og føreseielege rammevilkår vil kommunen bidra til å ta vare på og å utvikla eit brent næringsliv. Tilgjengelege næringstomter er eit av verkemidla for å auka aktiviteten, og fortetting og omforming av gamle næringsområde må vurderast.

Olje- og gassrelatert næringsliv er inne i ei tid med omstilling. Tidleg innsats kan vera avgjerande for om me klarar å behalda, vidareutvikla og skaffa nye arbeidsplassar og bedrifter til kommunen.

Lokalt næringsliv kan få nye mogleheter for produktutvikling gjennom partnarskap med kommunen om smarte løysingar.

Netto utpendling frå kommunen er i stadig vekst. Denne trenden ønskjer kommunen å snu ved å leggja til rette for og vera ein pådrivar for etablering av nye arbeidsplassar. Særleg vil kommunen vektleggja auke i arbeidsintensiv verksemd nær kollektivknutepunktet og handels- og serviceaktivitetar i bysentrum.

Kunnskapsutvikling

Kommunen legg til rette for livslang læring slik at menneske i ulike aldrar kan utvikla kompetansen sin til beste for lokalsamfunnet. Læringsløpet frå barnehage via grunnskule og vidaregåande skule til fagarbeidar eller vidare utdanning, utviklar menneske med læringslyst, kreativitet, kunnskap og innovasjonsevne.



Kunnskapsutviklinga i samfunnet vil dei komande åra vera tett kopla til kjennskap og bruk av digitale verktøy. Den teknologiske utviklinga i samfunnet går raskt og for å vera ein smart kommune må Time leggja til rette for gode løysingar som vert tekne i bruk av innbyggjarar, næringsliv og tilsette.

Time kommune skal vera internasjonalt orientert, aktiv og attraktiv. Me må i større grad ta i bruk kompetansen og moglegitene som ligg i internasjonale nettverk, prosjekt og samarbeid både når det gjeld kommunal tenesteutvikling og næringsutvikling.

Deltaking i lokale, regionale og nasjonale nettverk innanfor ulike fagområde er viktig for kunnskapsutvikling og målretting av tenestene.

Helse- og livskvalitet

Dei store framtidige helseutfordringane er at me får fleire eldre, folk lever lenger, befolkninga vert stadig mindre aktiv og fleire vert ståande utanfor dei sosiale fellesskapna.

Tidleg innsats for å møta desse utfordringane startar i møte med barn og familie, og førebygging må prioriterast ennå høgare i all tenesteyting.

Kommunen må leggja til rette slik at det er enkelt for innbyggjarane å velja å vera i fysisk aktivitet og delta i sosiale fellesskap.

Energi- og klimautfordringar

Dei framtidige miljøutfordringane for samfunnet vårt er å gje innbyggjarane sikker tilgang på rein mat, reint vatn, rein luft og trygg infrastruktur. Konsekvensar av klimaendringane er allereie merkbare i lokalmiljøet og det er nå me må ta rette val for framtida.

Innbyggjarar, næringsliv og kommunen må i samarbeid sjå moglegheiter og ta i bruk smarte løysingar for å redusera miljøutfordringane i framtida.

Meir og kraftigare nedbør gjev auka risiko for flaum og overvatn. Overvasshandtering og beredskap er høgt prioriterte tema ved utarbeiding og revisjon av kommunale planar.

3.2 Time for alle

Deltaking og aktivitet

For å leggja til rette for eit inkluderande samfunn er det viktig at alle kan delta og bidra med sine ressursar i fellesskapet. Møteplassar, transport og offentlege tenester skal vera tilgjengelege for alle.

Kommunen skal vera open og tilgjengeleg med god dialog mellom innbyggjarar, politikarar og administrasjon og leggja vekt på etikk og god forvaltingsskikk. Me vil ha openheit om den kommunale drifta og leggja til rette for at fleire skal vera involverte i samfunnsutvikling og lokalpolitikk.

For å redusera utanforskap er viktige satsingsområde å inkludera barn frå fattige familiar, sosialhjelppsmottakarar og flyktingar i samfunns- og arbeidsliv.

Integrering og mangfold

Mangfold er ein ressurs for kommunen. Den kompetansen og dei erfaringane flyktningar og innvandrarar har med seg inn i lokalsamfunnet må me ta i bruk. Derfor er tilrettelegging for kvalifisering til arbeid og utdanning, og å leggja til rette for gode møteplassar for å etablera nettverk og relasjonar, viktige kommunale oppgåver.

Det er eit prioritert område å leggja til rette for at flyktningar kan nytta ressursane sine ved å følgja opp dei som treng støtte til å finna arbeid eller bustad, og å samhandla med frivillige lag og organisasjonar for at så mange som råd finn seg til rette i det frivillige arbeidet i kommunen.

3.3 Trygg i nærmiljøet

Samfunnstryggleik og beredskap

Det er viktig for innbyggjarane sin tryggleik at kommunen har beredskap for ulike typar krisesituasjonar.

Kommunen arbeider systematisk og heilskapleg gjennom å vurdera risiko og sårbarheit, regelmessig opplæring og øvingar og samarbeid med andre beredskapsorganisasjonar. Kommunen har avtalar med frivillige organisasjonar og næringsliv som skal bidra i ein eventuell krisesituasjon.

Kriminalitetsførebygging

Kommunen har eit ansvar for å førebyggja kriminalitet saman med foreldre, frivillige, politi og nabokommunar.

Gjennom god planlegging og samordning skal kommunen bidra til at barn og unge har trygge og gode oppvekstvilkår i lokalsamfunnet. Fysiske løysingar som bidreg til at møteplassar, leikeplassar og byrom er opne og synlege er viktige for å skapa trygge lokalsamfunn.

Trafikktryggleik

Alle skal kunna bevega seg trygt i lokalmiljøet sitt som fotgjengar, syklist eller bilist. Kommunen sitt arbeid med trafikktryggleik er avgjerande for å nå måla om at ein ikkje skal ha ulykker med drepne og hardt skadde i trafikken. Fysiske tiltak og haldningsskapande arbeid er prioriterte innsatsområde i trafikksikringa.

Velferdstenester

Nye behov, krav og forventningar frå innbyggjarane og staten gjer at kommuneorganisasjonen må omstilla og tilpassa seg. Det er samtidig viktig for kommunen å avklara forventningar til nivået på tenestene, sikra likebehandling og gjera tenestetilbodet føreseileg.

Kommunen har gjennom mange år brukt tenestestandardar som verktøy. Systemet er under revidering.

Gjennom tilbakemeldingar frå brukarane får kommunen kunnskap om tenestene har rett kvalitet og møter behova. Det viktig at det vert gjort systematisk for å følgja utviklinga over tid.

3.4 Førebygging og tidleg innsats

Ved å oppdaga risiko tidleg og setja i verk riktige tiltak tidleg kan ein førebyggja helsemessige og sosiale vanskar og gje fleire moglegheit til ein god oppvekst og eit godt liv. Lukkast ein med dette arbeidet vil ein redusera dei personlege belastningane og behovet for offentlege tenester.

Tidleg oppdaging og tidleg innsats føreset kunnskap, handlingskompetanse, tiltaksverktøy og ikkje minst eit godt tverrfagleg samarbeid. Tidleg innsats skal gjerast på alle tenestenivå i kommunen frå dei yngste til dei eldste, og dekker tenester frå helsestasjon til eldreomsorg.

Folkehelse

Tiltak som kjem alle innbyggjarane til gode er god folkehelsepolitikk. For at helsetilstanden i kommunen skal vera god også når levealderen stig, må kommunen leggja til rette for at det skal vera lett å ta val som gjev god helse.

Arbeidsløyse, fråfall frå vidaregåande skule og uførheit blant unge er situasjonar som påverkar helse og livskvalitet. Det er viktig å setja inn tiltak som kan redusera kommunen sine utfordringar på desse områda.

Barnehagar, skular og andre tenester har ei viktig rolle i å byggja gode haldningar til kosthald og fysisk aktivitet.

3.5 Kultur og trivsel

Kultur har innverknad på kor attraktiv kommunen er å bu, arbeida og driva næring i. I Time er det eit mangfold av kulturaktivitetar, -arrangement og -institusjonar og frivillige lag og organisasjonar utgjer ein stor ressurs.

Kommunen har ei viktig oppgåve i å etablera møteplassar, skapa gode rammevilkår og leggja forholda til rette for dei frivillige organisasjonane.

Det er viktig å byggja opp under og leggja til rette for fritidsaktivitetar i nærmiljøa. Mangfold er viktig når det gjeld aldersgrupper og aktivitetstilbod.

Eit levande bymiljø er ein viktig del av innbyggjarane sitt kulturtilbod. Den nye kinoen som vert etablert i 2017 skal bidra til å skapa aktivitet i Bryne sentrum.

3.6 Bryne – byen vår

Bryne skal vera ein attraktiv by å besøkja, leva i og investera i. Som regionsenter på Jæren skal tilbodet på Bryne møta behova til innbyggjarane i regionen.

Byutvikling skjer i eit nært samarbeid mellom kommune, næringsliv, organisasjonar og innbyggjarar. Gjennom oppgradering av gater og byrom vil Bryne få eit historisk løft. Byen skal utviklast med gode løysingar for fotgjengarar, syklistar og bilar.

3.7 Kommuneorganisasjonen

Time kommune bruker innovasjon i tenesteutviklinga. Tilsette i alle tenesteområde skal spørja etter brukarane sine behov slik at ressursane kan vris i tråd med desse.

Digitalisering kan gje brukarane betre tenester og samtidig frigje ressursar som kan møta nye krav og behov. Skal me lukkast med digitalisering må kompetansen i heile organisasjonen styrkast og strukturar og arbeidsmetodar tilpassast til digitale moglegheiter.

Time kommune som arbeidsgjevar kan vera ein aktør som inspirerer og legg til rette for at dei tilsette tek miljøvenlege transportval. Saman med næringslivet på Jæren ønskjer kommunen å finna fram til ei ordning som gjer det lett og attraktivt å velja sykkel og kollektivtransport.

Time deltek i dag i selskap og andre interkommunale samarbeidsordningar. Også i framtida må mange av dei kommunale oppgåvene løysast gjennom regionalt og interkommunalt samarbeid.



Organisasjonsform	Lokalisering	Deltakarar	Formål
Aksjeselskap			
Lyse AS	Stavanger	16 kommunar	Energi og breiband
Jæren Industipartner AS	Time, Klepp og Hå	Time, Klepp og Hå	Tilrettelagde arbeidsplassar
Jæren skoglag AS	Time	Ei rekje aksjeeigarar	Eiga og drifta skogar
Måltidets hus AS	Stavanger	Ei rekje aksjeeigarar	Bistand til produksjon og marknadsføring av mat og drikke
Allservice AS	Stavanger	9 kommunar og fylkeskommunen	Omstilling, opplæring og kompetanseutvikling
Interkommunale selskap (Lov om IKS)			
Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS	Stavanger	24 kommunar og 4 IKS	Arkivdepot
IVAR IKS	Stavanger	13 kommunar	Vass-, avløps- og renovasjonstenester
Rogaland brann og redning IKS	Sandnes	10 kommunar	Brannvern, miljøretta helsevern og skjenkekонтроль
Administrativt vertskommunesamarbeid (kl § 28-1 b)			
Jæren kemnerkontor	Time	Hå, Gjesdal, Klepp og Time	Skatteinnkrevjing og arbeidsgjevarkontroll
Legevakt - ettermiddag og kveld	Klepp	Klepp og Time	Akutthjelp utanfor ordinær arbeidstid
Legevakt - natt	Sandnes	Gjesdal, Klepp, Sandnes og Time	Akutthjelp - natt
Jæren øyeblikkelige hjelp	Klepp	Gjesdsal, Klepp, Sandnes og Time	Alternativ til sjukehusinnlegging (Time har 2 plassar)
Tiltaksavdeling barnevern	Time	Time, Klepp og Hå	
Barnevernvakt	Sandnes	Gjesdal, Sandnes, Klepp, Hå og Time	
Krisesenter	Stavanger	18 kommunar	
Interkommunalt samarbeid (kl § 27)			
Jærrådet	Sekretariat på omgang	Time, Hå, Klepp, Sandnes og Gjesdal	Interkommunalt samarbeidsorgan
Jæren Friluftsråd	Sandnes	Time, Klepp, Hå, Gjesdal, Sandnes, Stavanger, Randaberg og Sola	Sikra, leggja til rette og driva område som kan nyttast til friluftsliv og naturopplevingar, leggja til rette aktivitet og auka forståing av friluftsliv
Jærskulen	Time	Gjesdal, Hå, Klepp og Time	Skuleutvikling
Andre samarbeid			
Eirik Raude-senteret	Klepp	Klepp og Time	Bistå elevar og skular med hjelpe tiltak ved spesielle behov
Plogen	Bryne vgs.	Bryne vgs, Klepp, Time, Gjesdal og Hå	Tilpassa ungdomsskuletilbod
ACT-Team	Jæren Distrikts-psykiatriske senter	Hå, Gjesdal, Klepp og Time	Behandlingsteam innan psykisk helse
Psykososialt kriseteam	Klepp	Klepp og Time	Psykososial førstehjelp
Grunnskule for vaksne	Time	Hå, Klepp og Time	Ordinær grunnskule for vaksne
Norsk og samfunnsfag for vaksne innvandrarar	Time	Klepp og Time	Obligatorisk opplæring i 600 timer og eventuelt behovsprøvd opplæring
NAV lokalkontor	Time	Time og Arbeids- og velferdsetaten i Rogaland	Felles arbeids- og velferdskontor for innbyggjarane i kommunen
Region Stavanger	Sandnes	15 kommunar og ei rekje private og offentlege aktørar	Sals- og marknadsføringsorgan for reiseliv
Greater Stavanger Economic Development AS	Stavanger	Medlemsskap	Fremja, utvikla og støtta samarbeidstiltak som fremjar regionen si verdiskaping, konkurransekraft og berekraft

3.8 Mål for langtidsperioden

Samfunnsutvikling

- Sikra at arealforvaltninga tek vare på landbruksjorda og behov for tur- og rekreasjonsområde i revidert arealdel
- Sikra god tilgang på område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv ved utbygging og fortetting
- Ta initiativ til utvikling og testing av smarte løysingar i samarbeid med lokale bedrifter
- Delta i lokale, regionale og internasjonale nettverk som gjev betre tenester
- Prioritera tiltak som gjer det enkelt for innbyggjarane å velja fysisk aktivitet og sosiale fellesskap
- Etablera samarbeid som bidreg til å redusera miljøutfordringane
- Auka engasjementet i klima- og energispørsmål gjennom haldningsendrande arbeid



Time for alle

- Invitera barn og unge, innvandrarar og sosialt vanskelegstilte til dialog om sentrale tema i lokalpolitikken
- Setja i verk kvalifisering og andre tiltak som gjer at arbeidsledige og flyktningar får bruk kompetanse og arbeidsevne

Trygg i nærmiljøet

- Ha oppdaterte risiko- og tryggleksanalysar og gjennomføra beredskapsøvingar
- Delta i lokale førebyggjande nettverk og felles tiltak for å forhindra kriminalitet
- Setja i verk fysiske trafikktryggleikstiltak og haldningsskapande arbeid for trygg ferdsel
- Ta i bruk eit verktøy som avklarar forventningar og gjer tenestetilbodet føreseileg

Førebygging og tidleg innsats

- Samordna tverrfagleg innsats for å fanga opp innbyggjarar som treng tilrettelegging eller er i ein vanskeleg livssituasjon tidleg
- Redusera arbeidsløyse, fråfall frå vidaregåande skule og uførhet blant unge gjennom tverrfagleg samarbeid i kommunen og med private og offentlege aktørar

Kultur og trivsel

- Sikra tilrettelegging for fritidsaktiviteter i nærmiljøet som møter ulike interesser og aldersgrupper
- Utvikla ny kino og eige kulturhus som regionale institusjonar

Bryne – byen vår

- Bruka potensialet i Bryne torg gjennom alle årstider og leggja til rette for ulike aktivitetar saman med ulike brukarar av torget
- Utvikla og styrka aktiviteten i sentrum gjennom eit forpliktande samarbeid mellom gardseigarar, næringsliv og kommune

Kommuneorganisasjonen

- Ta i bruk effektiviseringsgevinsten som kjem frå nye digitale verktøy, arbeidsprosessar og innovasjon
- Etablera ei ordning for dei tilsette som gjer det lett og attraktivt å velja sykkel og kollektivtransport

4. Økonomi

Når rådmannen utarbeider økonomiplanen ligg styringssignal i statsbudsjettet til grunn for forventa pris- og lønnsvekst, utvikling i skatteinntektene og rammetilskotet. I statsbudsjettet og kommuneopposisjonen får kommunen også signal om nye reformer. Økonomiplanen vert lagt fram i faste 2017-prisar og endringar frå 2017 er dermed reelle endringar i inntekter eller aktivitetsendring i utgifter.

Økonomiplanen byggjer elles på føresetnader i vedtekne styringsdokument som kommuneplan 2011-2022, ny samfunnsdel av kommuneplan 2016-2026, økonomiplan 2016-2019, årsrapport 2015, tertialrapportar i 2016 og andre politiske vedtak i løpet av året.

Det vert frå 2017 innført nytt inntektssystem for kommunane. Time kommune taper inntekter på at basistilskot vert halvert. Redusert folkevekst i kommunen gjev gradvis bortfall av veksttilskotet som i 2016 er 15,1 millionar kroner. I 2017 vert det halvert og i 2018 er det borte når me legg til grunn nye veksttal for kommunen. Ved førre omlegging av rammetilskotet kom Time dårleg ut då barnehagetilskotet vart innlemma i rammetilskotet og me har derfor hatt eit årleg tilskot på 3,3 millionar kroner. Også dette ekstratilskotet fell bort frå 2017.

4.1 Statsbudsjettet 2017

Det økonomiske opplegget for kommunesektoren for 2017 kjem fram i statsbudsjettforslaget for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Prioriteringane er:

- Levande lokaldemokrati
- Ein enklare kvardag for folk flest
- Eit sterkare sosialt sikkerheitsnett

Regjeringa meiner at eit vilkår for eit levande lokaldemokrati er statleg rammostyring, der Stortinget fastset i lov kva kommunane skal ha ansvar for utan å gje detaljerte pålegg om korleis oppgåvane skal løysast.

Regjeringa legg opp til slik vekst i kommunane sine frie inntektsrammer for 2017:

Mrd. kroner	
Vekst i frie inntekter	3,9
- Meirkostnad demografi	-2,0
- Meirkostnad pensjon	-0,8
- Satsingar innanfor veksten av frie inntekter	0,4
- Øyremerka til fylkeskommunane	-0,4
- Auka eigendel ressurskrevjande tenester	-0,3
Auka handlingsrom utan effektiviseringskrav	0
+ Effektiviseringskrav 0,5 %	1,2
Auka handlingsrom med effektiviseringskrav	1,2

Satsingar innanfor veksten av frie inntekter:

- opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering med 100 millionar kroner
- opptrapping på rusfeltet med 300 millionar kroner
- helsestasjoner og skulehelseteneste med 50 millionar kroner

Regjeringa vil innføra øyeblikkeleg hjelp for menneske som har problem med psykisk helse- og/eller rus. I rammetilskotet til kommunane er det sett av 86,5 millionar kroner til dette. Denne løyvinga skal finansiera 16 700 liggedøgn i psykiatriske institusjonar og 600 liggedøgn i rusbehandling. Regjeringa vil også innføra betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar i psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling. Betalingsplikta vert tidlegast innført frå 2018.

Regjeringa har i budsjettet prioritert tiltak som fremmar arbeid, aktivitet og omstilling og legg fram ein tiltakspakke for auka sysselsetting på i alt 4 milliardar kroner. Tiltaka skal fremma sysselsetting på kort sikt og ei langsiktig omstilling i norsk økonomi. Tiltaka er mellom anna direkte retta mot kommunar med stor arbeidsløyse og skal gå til vedlikehald og rehabilitering. For Time kommune utgjer dette 2,4 millionar kroner i 2017.

Det vert frå 2017 innført arbeidsplikt for unge sosialhjelpsmottakarar under 30 år.

I kommuneproposisjonen vart det varsla at kommunane ville få tilbake ein del av selskapsskatten frå og med 2017. Iversetjinga er utsett. Grunnen til utsettinga er fare for auka usikkerheit i ei omstillingstid for kommunar med konjunkturutsett næringsliv. Regjeringa kjem tilbake til saka i kommuneproposisjonen for 2018.

Det er i statsbudsjettet vedtatt å auka kommunal eigenandel for ressurskrevjande brukarar og med dette skal staten spare 330 millionar kroner. Time kommune vil få ein auka kostnad på om lag 1,3 million kroner som er innarbeidd i vedtatt budsjett.

Det vert i statsbudsjettet varsla innsføring av ei nasjonal norm for bemanning i barnehagar frå 2020. Det er venta at denne norma vert sett til 6 barn per tilsett. I dag har me 6,2 barn per tilsett i kommunale barnehagar. Dette betyr auka årlege kostnader for kommunen på om lag 4 millionar kroner. Innføring av nasjonal norm, reduserer det kommunale sjølvstyret ved at kommunen ikkje får foreta eigne prioriteringar av tildelte midlar.

4.2 Rammer og føresetnader – Timeplanen 2017-2020

Tabellen nedanfor viser oversikten over inntekter, utgifter og netto driftsresultat for perioden 2015-2020.

Beløp i mill. kr	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan				Endring 2016-2017	
			2015	2016	2017	2018	2019	2020
Skatteinntekter	493,4	528,6	551,8	556,0	564,8	573,6		5,2 %
Rammetilskot	392,1	400,5	410,7	414,0	417,2	421,0		1,5 %
Andre driftsinntekter	358,3	276,2	284,0	302,0	302,2	303,0		2,8 %
Sum driftsinntekter	1 243,8	1 205,3	1 246,5	1 272,0	1 284,2	1 297,6		3,4 %
Driftsutgifter	-1 189,2	-1 158,3	-1 205,5	-1 219,1	-1 229,0	-1 238,0		4,1 %
Brutto driftsresultat	54,6	47,0	41,0	52,9	55,2	59,6		-0,9 %
Finansutgifter	-26,4	-22,9	-26,3	-29,6	-31,0	-33,1		14,8 %
Finansinntekter	40,4	36,1	38,4	40,8	43,9	45,3		6,4 %
Netto avdragsutgifter	-33,8	-39,2	-43,3	-48,8	-52,5	-54,3		10,5 %
Avskrivinger			3,6	5,0	5,5	6,0		
Netto driftsresultat	34,8	21,0	13,4	20,3	21,1	23,5		-36,2 %
Netto fondsbruk	-10,4	-3,9	-0,8	-5,8	-6,4	-8,6		
Overført til investeringar	-10,3	-17,1		-12,6	-14,5	-14,7	-14,9	-26,3 %
Årsoverskot	14,1	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0		
Overført til investering i % av skatt og rammetilskot	1,2 %	1,8 %		1,3 %	1,5 %	1,5 %	1,5 %	
Netto driftsresultat i % av driftsinntektene	2,8 %	1,7 %		1,1 %	1,6 %	1,6 %	1,8 %	

I vedlegg til økonomiplanen i kapittel 11 følgjer obligatoriske oversikter i tråd med økonomiplanforskrifta.

4.2.1 Inntektsføresetnader

Skatteinntekter og rammetilskot

Summen av inntektsskatt, formueskatt og statlege rammeoverføringer utgjer kommunen sine frie inntekter. Det vil seia at bruken av midlane ikkje er retta inn mot bestemte utgiftsformål. Skatt og rammetilskot er auka med forventa lønns-, pris- og folkevekst. Me har budsjettert med ein skatteinngang på 101,8 % av landsgjennomsnittet, noko som er ei auke på 1,8 prosentpoeng samanlikna med nedjustert budsjett for 2016. Dette er basert på utvikling så langt i 2016 og ei forventning om ei lita forbeting i arbeidsmarknaden i kommunen.

Time kommune får i 2017 veksttilskot på 7,7 millionar kroner mot 15,1 millionar kroner i 2016. Dette tilskotet forventar me vert borte frå 2018.

Andre inntekter

Av andre inntekter kjem 51,2 millionar kroner frå brukarbetaling og 52,5 millionar kroner frå husleigeinntekter og sal av ulike tenester. Satsane for 2017 er prisjusterte.

Kommunale gebyr for sjølvkosttenestene feiing, vatn, avløp og renovasjon utgjer 59,1 millionar kroner.

Ulike statstilskot utgjer 92,3 millionar kroner i inntekt for 2017. Dei største inntektene gjeld ressurskrevjande tenester på 42 millionar kroner og integreringstilskot til flyktningar på 35,3 millionar kroner. I statstilskotet ingår også rente- og avdragskompensasjon for tidlegare investeringar i skule og omsorg på 4,5 millionar kroner. Resten er fordelt på mange små postar.

Kommunen har ansvaret for fleire interkommunale tenester og betalinga frå samarbeidande kommunar er budsjettet til 20,7 millionar kroner.

Kommunen har ein frikraftsavtale med Lyse etter salet av Maudal kraft. Krafta vert brukt i eiga verksemد i kommunen. Verdien vert likevel inntektsført som frikraft og utgiftsført slik at kommunen sitt energiforbruk kan samanliknast med andre kommunar. Inntektene av kommunen sine justeringsrettsavtalar med private utbyggjarar er også inntektsførte her.

Finansinntekter

Me har budsjettet med eit rentenivå på 2 % i 2017 og aukande til 2,4 % i 2020. Dei same føresetnadene er også brukt på utgiftene, slik at avviket frå budsjettet nivå ikkje skal slå så mykje ut på netto rentekostnad.

Me har budsjettet med utbytte frå Lyse på 26,5 millionar kroner i 2017 og aukande til 33 millionar kroner i 2020 i samsvar med selskapet sine signal om utbytteforventningar framover.

Kommunen har ved utgangen av 2. tertial 2016 plassert 28,4 millionar kroner i aksjar og obligasjoner for å oppnå høgare avkastning enn bankrenter.

4.2.2 Utgiftsføresetnader

Lønn- og prisutvikling

Me har, som statsbudsjettet, kalkulert med ein prisvekst på kommunale tenester på 2,5 % frå 2016 til 2017. Tenesteområda har fått full kompensasjon for lønnsveksten, men berre delvis for prisveksten.

Pensjonskostnader

Pensjonspremien er usikker. Størrelsen er avhengig av framtidig lønns- og grunnbeløpsvekst. Premien er ikkje minst avhengig av avkastninga i pensjonsordningane. I 2017 har me budsjettet med pensjonspremie på 12,25 % for lærarar, 19,45 % for sjukepleiarar og 18,1 % for andre kommunalt tilsette. Dei tilsette betaler 2 % av denne kostnaden. For å utlikna variasjonen i pensjonspremien mellom år med hovudlønnsoppgjer og år med mellomlønnsoppgjer, bruker me pensjonspremiefondet. I 2017 har me budsjettet med ein fondsbruk på 11,5 millionar kroner. Premiefondet er ved utgangen av september 2016 på 31 millionar kroner.

Time kommune fører premieavviket over eitt år slik at me ikkje har eit oppsamla premieavvik, men berre fjorårets premieavvik vert ført i balansen. Premieavviket får ingen verknad på årsresultatet for kommunen, då det vert avsett til fond eller ført som bruk av fond. Det påverkar likevel netto driftsresultat.

Tilskot til private barnehagar

Tilskotet for 2017 til private barnehagar er basert på rekneskapen for 2015 og justert med forventa prisvekst for kommunale tenester for to år. Tilskotet er også justert med ny maksimalsats for foreldrebetalning. Kommunen kompenserer dei private barnehagane for alle former for statleg innførte reduksjonar i betalingssatsane som søskenmoderasjon, gratis kjernetid for 3-5 åringar og redusert foreldrebetalning for låginntektsfamiliar.

Det er full likebehandling, der private barnehagar får dei same rammene som kommunale barnehagar bortsett frå at dei får godtgjort ein standard pensjonssats på 13 %. Tilskotet til kapitalkostnader vert differensiert ut frå alderen på barnehagebygga.

Finansutgifter

Me har sikra renta på om lag 50 % av kommunen sine lån og budsjetterer med høgare rente enn dagens rentenivå. Sjå omtale under avsnittet om finansinntekter.

Låneopptak til investeringar vert nedbetalt på 30 år medan låneopptak til vidareutlån (startlån) vert nedbetalt over 20 år. Kortare nedbetalingstid på vidareutlån er på grunn av store ekstraordinære innfriingar kvart år.

Lønnsreserve

Me har for 2017 sett av 9 millionar kroner i lønnsreserve. Det er budsjettet med ein årlønnsvekst på 2,2 % frå 2016 til 2017. Reserven skal dekka lokale forhandlingar i 2016 og neste års lønnsoppgjer. Dette er ein historisk låg lønnsreserve og er basert på resultatet av lønnsoppgjeret for 2016 og 2017.

4.3 Nøkkeltal og risikoanalyse

Omprioritering og effektivisering

Regjeringa har i statsbudsjettet lagt opp til eit effektiviseringskrav på 0,5 % årleg. Dette utgjer for Time kommune omlag 6 millionar kroner i årleg omprioritering og effektivisering.

Rådmannen har iverksett nokre omprioriterings- og effektiviseringstiltak i 2017, men desse er ikkje tilstrekkelege til å oppnå budsjettbalanse for perioden 2018-2020. Me har saldert med ei rammeinnsparing fordelt etter brutto utgiftsnivå, på kvart tenesteområde. Rammesalderinga er 7,2 millionar kroner i 2018, 14,8 millionar kroner i 2019 og 12,3 millionar kroner i 2020.

Det må oppretta eit eige omstillings- og effektiviseringsprosjekt som skal jobba med desse problemstillingane fram mot neste økonomiplanrullering. Målet for arbeidet bør vera å ta ned drifta, ved hjelp av omstilling og effektivisering, med det beløpet me manglar for åra 2018-2020 og samtidig ta høgde for framtidige effektivisteringkrav frå regjeringa.

Målet bør vera at kommunen i forhold til 2017 leverer tenestene i 2018 minst 10 millionar kroner rimelegare og frå 2019 20-25 millionar kroner rimelegare.

Overføring til investering

Kommunen har som målsetting å setja av 1,5 % av sum skatt og rammetilskot til finansiering av investeringane og det er innarbeidd i planen. Det er i 2017 avsett 1,4 %. I resten av perioden er det sett av 1,5 % til investering.

Netto driftsresultat

Me budsjetterer med eit netto driftsresultat på 1,1 % i 2017 og aukande til 1,8 % i 2020.

Langsiktig gjeld Beløp i mill. kr	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Økonomiplan			
			2017	2018	2019	2020
Nye lån	138,8	163,7	256,3	92,9	80,2	83,2
Avdrag	55,5	49,2	53,3	58,9	62,5	64,3
Brutto gjeld 31.12	1 070,6	1 185,1	1 273,6	1 307,6	1 325,3	1 344,2
Ansvarleg lån Lyse	134,1	128,3	122,5	116,7	110,9	105,1
Husbanklån til utlån	137,7	152,7	192,7	207,7	222,7	237,7
Ubrukte lånemidlar	13,4					
Netto gjeld 31.12	785,4	904,1	958,4	983,2	991,7	1 001,4
Avløp, vassverk, renovasjon	124,3	171,2	160,8	174,8	185,8	181,3
Kompensasjon skulebygg	53,3	48,4	43,5	38,6	34,8	31,0
Eldrereform	32,2	30,6	29,0	27,4	25,8	24,2
Utbygging næring/bustad	24,5	11,6	7,0	4,0	0,0	0,0
Netto renteberande gjeld 31.12	551,1	642,3	718,1	738,4	745,3	764,9
Folketal 31.12.	18 572	18 650	18 770	19 100	19 700	20 235
Netto gjeld per innbyggjar i kr	42 289	48 681	51 605	52 381	51 921	50 832

Kommunen står overfor store investeringar i perioden. 50 % av investeringane vert finansiert med låneopptak. Kommunen har eit betydeleg låneopptak i 2016 og 2017 og netto gjeld per innbyggjar vert i 2017 på 51 491 kroner. Denne held seg stabil ut over i perioden. Netto gjeld i forhold til driftsinntekter utgjorde ved årsskiftet 2015/2016 63 % av kommunen sine driftsinntekter. Netto lånegjeld aukar ved utgangen av 2017 til 75 % av driftsinntektene. Landsgjennomsnittleg lånegjeld for kommunane var ved utgangen av 2015 på 60 % og snittet for Rogaland var på 45 %. Kommunar med høg lånegjeld vert meir sårbare for renteauke.

I tillegg til oppstillinga ovanfor har interkommunale selskap tatt opp gjeld som kommunen hefter for. For Time gjeld dette i særleg grad IVAR (Interkommunalt vann, avløps- og renovasjonsverk). Me har ikkje tatt med denne gjelta her då kostnadene vert dekkja av gebyrinntekter frå innbyggjarane og representerer ein låg risiko for kommunen.

Kommunen har dei siste åra auka utlånsportefølgjen ganske mykje. Me har i dag små problem med innkrevjing av renter og avdrag. Dette har vore særleg lett då bustadprisane har vore i vekst og verdiane har vore lette å realisera. Det ser fortsatt ikkje ut som bustadprisane er så mykje pressa av dei økonomiske konjunkturane.

Kommunen har budsjettert med store utbytte frå Lyse. Lyse har i dag fleire bein å stå på. Kraftproduksjon utgjer nå ein stadig mindre del av selskapet si samla verksemد og kraftprisane er låge. Me forventar store inntekter frå televerksemda som ut frå resultatet vert den viktigaste sektoren for Lyse.

5. Omstilla, fornya og forenkla

5.1 Status og utfordringar

Innovasjon

Me har framleis eit stykke att til innovasjonsstrategien er implementert blant alle tilsette og leirarar i kommunen. Målet er ein innovasjonskultur med utgangspunkt i behovet til brukaren og me nyttar BLT-metoden (Behov-Løysing-Test). Innovasjonsmetoden skal bidra til å skapa ein endringskultur i Time kommune. Endringar må skje kontinuerleg i heile kommunen på grunn av endra behov og krav hos brukarane. Tilsette og leiare må ha evne og vilje til endring.

Me vidarefører satsinga på radikale innovasjonsprosjekt og har øyremerka midlar til testing av nye løysingar.

Digitalisering

Det er eit prioritert mål å digitalisera interne arbeidsprosessar og kommunikasjonen med innbyggjarane. Ei satsing på digitale løysingar krev investering i verktøy, men også kompetanse og vilje i organisasjonen til å ta i bruk dei nye løysingane. Gevinsten av digitalisering må verta synleggjort, både når det gjeld effektivisering og kvalitet.

Kommunen har sett seg høge mål når det gjeld innbyggjarane sin bruk av digitale løysingar. Dette fordrar både at løysingane er godt tilpassa brukarane sine behov og gjev ei oppleving av meirverdi, og at det vert lagt til rette for opplæring og rettleiing i bruken av løysingane for dei innbyggjarane som treng det.

Organisasjonstilpassing

Organisasjonsstrukturen skal til ei kvar tid vera tilpassa behovet og tenesteleveransen til brukarane. Tenesteområdet Omsorg har ei utfordring med høgt sjukefråvær og noko låg prosent heiltidsstillingar. I 2017 skal me gjennomføra ein prosess i heile tenesteområde Omsorg der målet er å etablera ein heiltidskultur.

Innbyggjarane forventar meir fleksible tilbod og tenester. Time kommune må endra haldningar og arbeidsmetodar i retning av smarte løysingar. Digitaliseringa gjev raske og store endringar som krev nye arbeidsprosessar. Time kommune må ha ei aktiv haldning og ta initiativ til endring og samarbeid med andre aktørar for å finna og ta i bruk nye smarte løysingar som møter brukarbehova.

Omstilling

Budsjettet for 2018-2020 er saldert med rammeinnsparing kvart av desse åra. Det må difor iverksetjast eit omstillings- og effektiviseringsprosjekt. Mandat for prosjektet vert lagt fram for formannskapet til godkjenning. Mandatet vil innehalda føresetnader, innhald og organisering. Utgreiinga skal skje i 2017 og møta effektiviseringskrava for 2018-2020.

5.2 Mål for langtidsperioden

- Effektivisera tenestene og ta i bruk gevinsten
- I 2018 skal 80 % av kommunikasjonen med innbyggjarane vera digital
- Auka den digitale kompetansen blant tilsette og innbyggjarar
- Utarbeida og gjennomføra plan for digitalisering av organisasjonen
- Utvikla tenester etter brukarane sitt behov innanfor tilgjengelege ressursar



5.3 Tiltak i 2017

- Opplæring i bruk av digitale tenester for innbyggjarar
- Kartleggja behovet og laga plan for digital kompetanse i organisasjonen
- Ferdigstilla plan for digitalisering
- Gjennomføra omstillings- og effektiviseringsprosjekt
- Finna og setja i gang nye innovasjonsprosjekt
- Implementera ny struktur for innovasjonsarbeidet
- Kartleggja «tidstjuvar» i kommunen si drift

6. Velferdstenester

Den kommunale tenesteproduksjonen er organisert i tre kommunalområde: Oppvekst, Omsorg og Samfunn. Tabellen viser netto ressursfordeling for communalområda og stabstenester.

Totalt - alle sektorar	Netto driftsutgifter (1000 kr)	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan			2016-2017
		2015	2016	2017	2018	2019	2020		
Oppvekst	415 212	434 322	446 503	448 052	451 637	458 612		2,8 %	
Omsorg	229 045	244 623	261 078	263 010	263 905	266 710		6,7 %	
Samfunn	168 149	175 700	187 257	190 237	191 967	197 242		6,6 %	
Stabstenester	62 082	65 998	68 175	66 985	66 615	66 365		3,3 %	
Sum netto driftsutgifter	874 488	920 643	963 013	968 284	974 124	988 929		4,6 %	

6.1 Oppvekst

Tenesteområdet skal gje opplæring og driva førebygging og hjelpe- og støttetiltak slik at alle barn og unge er i stand til og meistra utfordringar i livet saman med andre. Tenesteområdet omfattar helsestasjon, skulehelsetenesta og familiesenter, barnevern, 9 kommunale barnehagar, 11 private barnehagar og 1 open barnehage, 5 barneskular og 1 1-10 skule med skulefritidsordning (SFO), 3 ungdomsskular, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), kulturskule, Bryne kompetansesenter (språkstasjon, vaksenopplæring) og Samordning av Lokale kriminalitetsforebyggjande Tiltak (SLT).

6.1.1 Status og utfordringar

Oppvekst har fram til nå hatt utfordringar med å tilpassa tenestetilbodet i forhold til folkeveksten og demografiske endringar i aktuelle aldersgrupper. Fødselstala og innflyttinga har flata ut. Me har hatt store barnekull i barnehagealder som nå kjem i skulealder. Me har derfor ennå behov for å auka kapasiteten i skulen i tida framover. Det er ei utfordring å redusera talet på barnehageplassar tilsvarende dei raske endringane i talet på barn. Eit viktig område for Oppvekst er å tidleg identifisera barn og familiar som har spesielle utfordringar for å kunna setja inn gode tiltak på rett tidspunkt. Det er viktig å avklara kva kompetanse og spesialiserte oppgåver dei ulike tilboda i kommunen skal ha.

Time kommune har i fleire år hatt fokus på mobbing i skule og barnehage. Dette vert det også lagt vekt på i perioden, mellom anna med ei felles satsing gjennom Jærskulen. I denne satsinga vil også barnehagane trekkjast med for å byggja viktig kompetanse og kultur.

Oppvekst har fokus på samarbeid på tvers av einingane for å nytta den samla kompetansen på ein god og ressurseffektiv måte. Det skal også vera tett samarbeid med dei andre tenesteområda for å fremja eit bra oppvekstmiljø, der organisatorisk inndeling ikkje skal vera eit hinder for samhandling.

FNs barnekonvensjon legg fôringar for barn og unge sine rettar. Time kommune er med i «sjumilssteget.» Dette er ei nasjonal satsing retta mot kommunane si oppfølging av FNs barnekonvensjon i planlegging og kvalitetssikring av tenester til barn og unge.

«Strategiplan oppvekst 2016–2022» har fem hovudområde som legg fôringar på satsinga i oppvekst. I arbeidet med å leggja til rette for eit godt oppvekstmiljø, peiker strategiplanen mellom anna på samanhengen mellom tidleg innsats, forskingsbasert kunnskap og kompetanse hos tilsette. Denne kompetansen er det viktig å nytta i innovasjonsarbeidet og det å finna nye og betre løysingar på dei tenestene oppvekst leverer til barn, unge og foreldra deira.

Barnehage

Time har 572 barn i private og 676 barn i kommunale barnehagar. Dette er færre barn enn forventa ut frå barnehagebruksplanen. I perioden er det planlagt utviding av Trollongane barnehage og ny privat barnehage på Stemmen på Bryne. Me får dermed overkapasitet på barnehageplassar i perioden. For å redusera overkapasiteten vert avdelinga Ragnastølberget i Monsanut barnehage lagt ned med verknad frå august 2017. Dersom Ragnastølberget skal nyttast vidare som barnehage, er det behov for betydelege investeringar i uteområdet. Store endringar i behovet for barnehageplassar gjer at me må revidera barnehagebruksplanen i 2017, eit år før planlagt revidering.

Talet på barnehagebarn med nedsett funksjonsevne aukar svakt. Samla for Time er talet på 2,3 %, noko som er under nasjonalt nivå på 2,8 %. Det er lagt inn ei opptrapping i langtidsperioden for å kunna dekka kostnadene for denne gruppa. Retten til spesialpedagogisk hjelp og retten til teiknspråkopplæring for barn under opplæringspliktig alder er flytta frå opplæringslova til barnehagelova i 2016. Det inneber at fritak for foreldrebetaling knytt til spesialpedagogisk hjelp fell vekk. For barn som mottar spesialpedagogisk hjelp heime vil ordninga fortsatt vera gratis. PPT får også plikt til å støtta barnehagane med kompetanse- og organisasjonsutvikling, og kommunen får ei tilretteleggingsplikt for barn med nedsett funksjonsevne, noko som er nytt.

I august 2017 vil barnehagesektoren få ny statlig rammeplan som skal implementerast i alle barnehagar i kommunen. Rammeplanen er barnehagen sin «læreplan» og gjev fôringar for barnehagen sitt innhald og formål.

Forsking peiker på at tidleg innsats og auka kvalitet i barnehagane i stor grad handlar om kompetansen til dei tilsette. Det er derfor viktig at ein stiller krav til den formelle kompetansen hos tilsette i barnehagane.

I dag har 37 % av dei tilsette i kommunale og private barnehagane pedagogisk utdanning. Dette er 4 % under nasjonalt nivå. Målet er at me i økonomiplanperioden skal arbeida for at 50 % av bemanninga i barnehagane skal ha pedagogisk utdanning. Det er også viktig at me fortsatt satsar på å auka talet på tilsette med fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget. I dag har 15 % av dei tilsette fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar, dette er 3 % under nasjonalt nivå. For å auka talet på tilsette med fagbrev vil me stilla krav til kompetansen ved tilsetting, rekruttera lærlingar og leggja til rette for at ufaglærte kan ta fagbrev.


Frå nasjonalt nivå er det varsle at ein skal innføra bemanningsnorm for barnehagesektoren innan 2020. Denne norma vil truleg auka kostnadene til barnehageområdet i kommunen. Bakgrunn for dette er at talet på barn per tilsett i kommunale barnehagar i Time er 6,2 og i private barnehagar 6,4, medan det nasjonale gjennomsnittet er på høvesvis 6,1 og 6,2 barn per tilsett.

Kommunale barnehagar har samanlikna med andre tenester i kommunen hatt høgare vikarbudsjett. I budsjettet for 2017 er dette redusert med 0,3 millionar kroner til 0,8 millionar kroner.

Undervisning

Det er 2 527 elevar i Timeskulane. Nye prognosar viser at det fortsatt er vekst, men at den er lågare enn tidlegare berekningar for komande planperiode. Det er sett i gang utbyggingsar på Bryne ungdomsskule og Frøyland skule som vil møta veksten ut over komande planperiode. Dei nye tala viser ei justering av elevtalsvekst i forhold til Skulebruksplan 2014-2021 for Bryne skule, Bryne ungdomsskule og Frøyland ungdomsskule. Rosseland skule har derimot hatt høgare vekst enn estimert i Skulebruksplanen 2014-2021, noko som medfører at det er behov for ei rask løysing på lokalitetar.

Inneverande skuleår er det tildelt fleire lærarårsverk enn kva reell elevtalsvekst medfører. Prognosen var ein elevtalsvekst på 89, medan den vart 25 elevar. Budsjettet vart ikkje endra inneverande år, men vil verta justert for skuleåret 2017/2018. Det er lagt til lærarårsverk i forhold til elevtalsvekst som er venta 2017/2018. Likevel gjev dette i sum ein nedgang på 0,7 årsverk.



Resultatet, vist som grunnskulepoeng frå avgangskullet i 10. trinn i 2015, viser at gjennomsnittet for elevane våre er høgare enn for nabokommunane.


Digitale ferdigheiter, munnlege ferdigheiter, lesing, skriving og rekning er dei fem grunnleggjande ferdighetene på tvers av faga i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Det har sidan 2014 vorte gjennomført prosjekt med bruk av nettbrett. Hovudevalueringa og resultat vart presentert i «Nettbrett for læring, Evaluatingsrapport av pilotprosjekt i Time 2014-2016». Effekten av å ta i bruk teknologien for læring er auka motivasjon og meistring. Det er større variasjon i undervisninga, og meir tilpassa opplæring. Elevane opplever at nettbrettet gjer skullearbeid og lekser lettare, og dei lærer meir. Konklusjonen i rapporten er tydeleg på at dette har gjeve ny kompetanse og nye verktøy på vegen til framtidas skule. Kommunestyret vedtok i september 2016 å utvida av satsinga med nettbrett for alle elvane i Timeskulen i løpet av to år.

Regjeringa aukar satsinga i statsbudsjettet for 2017 på tidleg innsats gjennom å føreslå auka innsats for elevar som slit med å knekka lesekoden eller som treng ekstra oppfølging for å koma på nivå med klassekameratane. Kommunen si satsing på nettbrett har som mål å gje resultat på desse områda.

Som del av å utvikla bruk av læringsteknologien er det vorte sett fokus på koding (programmering). For at elevane skal forstå innhald i program og utvikla sine kreative evner, lærer dei seg å koda eigne program for uttesting. Koding vert nå gjennom nasjonalt prosjekt vurdert som mogleg valfag på ungdomstrinnet, og Time har to skular som skal delta.

Hausten 2017 legg regjeringa fram ein ny IKT-strategi for skulen. Den vil verta del av utviklingsarbeidet vårt på området.

Språket er det viktigaste verkemiddelet for god integrering og læring. 3,4 % av elevane i Timeskulen får særskild norskopplæring. God språkopplæring er viktig for å sikra at elevane kan gjennomføra vidaregåande skule, for å komma ut i høgare utdanning og arbeid. Dette betyr at det må sikrast kompetanse og kunnskap for å følgja opp, slik at dei har godt utbytte av ordinær opplæring.



Talet på spesialpedagogiske enkeltvedtak i Time er høgare enn nabokommunane, regionalt og på nasjonalt nivå. Det er mange drivrarar for spesialundervisning. For å endra dette er det gjort fleire tiltak som påverkar denne statistikken. Ein stor del av lærartimane vert brukte på elevar med spesialpedagogiske behov. Dette er utfordrande, fordi det medfører færre lærartimar til ordinære klassar, og ein konsekvens av dette er fleire elevar per lærar i ordinær undervisning. Det tek tid å snu etablerte system der grunnane til status er samansette og komplekse. Det er sterkt fokus på skulane for å jobba mot å få ned delen av elevar som får spesialundervisning, og det vert testa ut ulike løysingar for å oppnå dette. Samarbeid med PPT om gode løysingar vil vera sentralt.

Time har for høgt fråfall av unge i vidaregåande opplæring. For å finna tiltak som kan motverka dette, samarbeider kommunen med Bryne vidaregåande skule og kommunane i Jærskulen.

Jærskulen er inne i sitt tredje år og det er utarbeida ein evaluatingsrapport som grunnlag for prosessar i leiargruppene i dei fire kommunane, og i skuleleiars- og arbeidsplassstillsvold nettverket. Det å vera del av Jærskulen som utviklingsorganisasjon for skuleutvikling er eit langsiktig arbeid som er med på å byggja den faglege kompetansen på alle nivå i organisasjonen. Strukturane er sette, og framover vil fokus mellom anna vera å vidareutvikla samanhengen mellom nettverk og kommunalt nivå, og å kopla lærarane på gjennom samhandling på tvers av skular og fag.

Ungdomstrinnet har etter Kunnskapsløftet (2006) vorte meir teoritungt. Arbeidslivsfaget som vart innført som ei prøveordning som alternativ til andre framandspråk, er nå del av læreplanverket. Dette betyr at elevane nå kan velja eit meir praktisk orientert fag som vert vurdert og veklagt på lik linje som andre fag. Det vert arbeidd for å finna gode løysingar for å få dette til på skulane i Time.


Time prioriterer å følgja opp nasjonale føringer i arbeid med mobbing gjennom plan om trygt og godt oppvekstmiljø. Det er under utvikling ein digital portal for skule og barnehage som skal brukast i kommunane i Jærskulen. Zippy er eit tverrfagleg program der skule og helsestasjon jobbar med temaet psykisk helse på småskulen.

I 2017 vil alle ungdomsskulane i Time følgja opp den nasjonale satsinga «Ungdomstrinnet i utvikling» saman med dei andre kommunane i Jærskulen. Målet er å utvikla ein meir praktisk, variert og relevant ungdomsskule.

Barnevern


Barnevernstenesta sine overordna mål er å beskytta barn mot omsorgssvikt og motverka at barn lir fysisk eller psykisk overlast. Barn og unge skal primært få hjelp i sin eigen heim.

Barnevernstenesta har blant anna ansvar for å vurdera alle meldingar og setja i gang undersøking når det vert vurdert at det føreligg forhold som kan gje grunnlag for tiltak etter loven. Barnevernstenesta har også ansvar for tiltak i heimen, plassering i fosterheim eller i institusjon når behovet tilseier det.



Det er eit mål å ha god intern organisering og gode internkontrollsysteem for å halda lovkrava. Tabellen viser at ein i Time ligg over snittet for Kostra-gruppa og landet når det gjeld å undersøkja bekymringsmeldingar innan fristen på 3 månadar.

Barnevernstenesta skal drifta felles tiltaksavdeling for Time, Klepp og Hå kommune med oppstart oktober 2016.



Helsestasjon, skulehelsetenesta og familiesenter

Tenesteeininga helsestasjon- og skulehelseteneste omfattar svangerskapsomsorg, helsestasjonstilbod 0-5 år, skulehelseteneste i grunnskulen og i vidaregående skule, helsestasjon for ungdom, smittevern og tilbod om vaksinering ved utanlandsreiser. Open barnehage vart organisert inn under helsestasjonen frå januar 2016.

Familiesenteret er eit lågterskeltilbod for barn og unge 0-18 år og familiane deira. Det vert gjeve tilbod om familie- og einesamtalar i tillegg til ulike gruppessamlingar.

I tråd med regjeringa si satsing på helsestasjons- og skulehelsetenesta vil Time i 2017 oppretta eit nytt årsverk i skulehelsetenesta og har planlagt eit nytt årsverk i 2019 på helsestasjonen. Årsverket i 2017 vert fordelt med 80 % til skulehelsetenesta i grunnskulen og 20 % til styrking av skulehelsetenesta på Bryne vidaregåande skule. Helsestasjonen fekk i 2016 oppretta 0,4 årsverk til tenester til flyktningane og dette er vidareført i planperioden.

Kulturskulen

Time kulturskule er ein sentral del av den kulturelle grunnmuren i Time kommune. Kulturskulen gjev barn og unge opplæringstilbod innan musikk, kunst og kulturfag. Kunst og kultur har ein eigenverdi og bidreg til barn og unge si danning og livskompetanse. Det er kontinuerleg samarbeid med frivillige lag og organisasjoner innan kunst og kulturfeltet. Dirigentar og instruktørar i skulekorpsa er tilsette i kulturskulen.

Time kulturskule er i dag lokalisert saman med Bryne skule. Dette gjev store utfordringar knytt til timeplanmessig bruk av rom. Lokala er lite spesialtilpassa og tilrettelagde som undervisningsrom for musikk, kunst og kulturfag. Hausten 2016 er det starta ein prosess med utgangspunkt i Skulebruksplanen pkt. 12 om framtidig lokalisering av Time kulturskule.

Bryne kompetansesenter

Opplæringa ved Bryne kompetansesenter er delt inn i 3 område; særskilt norskopplæring (SNO) for minoritetsspråklege elevar frå 1.-10. klasse, grunnskuleopplæring for vaksne inkludert spesialundervisning etter opplæringslova, og norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Grunnskuleopplæringa for vaksne er i samarbeid med Klepp og Hå, og norsk og samfunnskunnskap for vaksne er i samarbeid med Klepp.

Grunnskuleopplæringa gjev undervisningstilbod hovudsakleg på dagtid. Det er utvikla eit program for gjennomført opplæring med vitnemål for grunnskulen på tre år. Programmet vert vurdert med tanke på om ein må utvida til fire år. Grunnen er at fleire deltakarar har svært lite kunnskap i norsk og andre fag når dei startar. Talet på deltakarar har nå stabilisert seg på rundt 80, og me reknar med at det vil liggja der.

Talet på deltakarar på norsk og samfunnskunnskap har auka kraftig fordi både Klepp og Time kommunar har vedteke å busetta fleire flyktningar per år. I 2016 vart det også oppretta asylmottak i Time og Klepp. Auka busetting og asylmottak gjev fleire elevar både i SNO og i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Tilboden er i hovudsak finansiert med statstilskot, som varierer med talet personar i målgruppa.

Asylmottaket i Klepp vert lagt ned i desember 2016. Dette i tillegg til færre arbeidsinnvandrarar, fører til reduksjon i årsverk for Bryne kompetansesenter.

PPT

I enkeltsaker har PPT eit ansvar for å utarbeida sakkunnig vurdering. Dette inneber ansvar for å greia ut om barn og unge har behov for spesialpedagogisk hjelp i barnehage eller spesialundervisning i skulen. Utarbeiding av sakkunnig vurdering skal bidra til at barn og unge med spesielle behov får eit likeverdig tilbod som alle andre i forhold til lovverket, og dette inneber også moglegheit til å kunna nytta læringspotensialet sitt.

PPT har eit ansvar for å hjelpe barnehagar og skular med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å leggja best mogleg til rette for dei med spesielle behov.

I samarbeid med andre instansar, bidreg PPT til at barn og unge får eit heilskapleg og samordna tilbod, blant anna gjennom utstrakt tverrfagleg samarbeid internt i kommunen, og med 2. linjetenesta.

6.1.2 Mål for langtidsperioden

Strategiplan Oppvekst 2016–2022 er grunnlaget for satsinga i komande periode. Dei fem hovudpunktene gjev ei klar retning for val og prioritering av tiltak i dei ulike einingane.

Hovudpunkt i Strategiplan	Mål
Oppvekst i utvikling	<ul style="list-style-type: none">Det er handlingsrom til å nytta kapasitet i eksisterande bygg på ein effektiv måte
Fleirkulturelt samfunn	<ul style="list-style-type: none">Alle einingar har tilsette med fleirkulturell kompetanseBarnehagane og skulane arbeider etter eigen plan for språkopplæringAlle einingar har informasjon tilgjengelig på ulike språk
Tidleg innsats	<ul style="list-style-type: none">Alle einingar har system for og kompetanse hos tilsette i arbeidet med psykisk helseKartlagt og sett i gang tiltak ut frå arbeid med SjumilsstegetEiningane har universelle tiltak som har ført til ein reduksjon av barn med spesialpedagogiske vedtak med 35%
Oppvekst i informasjonssamfunnet	<ul style="list-style-type: none">Oppvekst har eit felles kunnskapsgrunnlag som vert brukt ved val av teknologi og metodikk for læring og utvikling
Organisasjon og leiing	<ul style="list-style-type: none">Alle einingane er kjende med og brukar BLT-metoden for å utvikla innovasjonskultur80 % av dei tilsette i oppvekst har relevant utdanning

6.1.3 Tiltak i 2017

Barnehagar

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	<ul style="list-style-type: none"> • Revidera barnehagebruksplanen i 2017 • Redusera overkapasitet ved å avvikla avdeling Ragnastølsberget i Monsanut barnehage, frå august 2017
Fleirkulturelt samfunn	<ul style="list-style-type: none"> • Midtveisevaluering av 2 årig prosjekt «fleirspråkleg rettleiar»
Tidleg innsats	<ul style="list-style-type: none"> • Alle kommunale- og private barnehagar deltek i prosjekt med fokus på kosthald, psykisk helse og fysisk aktivitet • Utarbeida felles mal for arbeid med mobbing i barnehagane • Auka pedagogisk bemanning i barnehagane opp på 41 % som er nasjonalt nivå • Leggja til rette for fagarbeidarutdanning for åtte assistenter i kommunale og private barnehagar • Implementera nytt lovverk om spesialundervisning (ny lovtekst)
Oppvekst i informasjonssamfunnet	<ul style="list-style-type: none"> • Kartleggja bruk av ny teknologi i barnehagane
Organisasjon og leiing	<ul style="list-style-type: none"> • Implementera ny nasjonal rammeplan

Undervisning

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	<ul style="list-style-type: none"> • Finna midlertidig løysing for lokalitetar for grunnskulelever på Rosseland skule • Ha minimum 15 lærarar som deltek i vidareutdanningstilbodet Kompetanse for kvalitet
Fleirkulturelt samfunn	<ul style="list-style-type: none"> • Testa ut innovasjonsprosjekt med ulike modellar for organisering og innhald av språkopplæringa til fleirspråklege elevar på utvalde skular • Etablera systematisk samarbeid for kompetanse- og kunnskapsutveksling mellom Bryne kompetansesenter og grunnskulane
Tidleg innsats	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeida med Bryne vidaregåande skule om innovasjonsprosjektet for å sikra at fleire elevar gjennomfører vidaregåande opplæring • Vidareutvikla arbeidet mot mobbing, og ta i bruk digitale løysingar som skulen og føresette skal bruka • Samarbeida med Bryne vidaregåande skule for auka gjennomføring i matematikkfaget regi av Jærskulen • Samarbeida med Klepp kommune for auka gjennomføring i vidaregåande opplæring om arbeidslivsfaget på ungdomstrinnet • Utvida arbeidet med å setja i verk tiltak for å redusera spesialundervisninga med bruk av meir tilrettelagt opplæring • To skular skal delta i programmet Zippys venner i.f.t psykisk helse • Leggja til rette for fagarbeidarutdanning for assistenter i skule og SFO
Oppvekst i informasjonssamfunnet	<ul style="list-style-type: none"> • Utvida satsinga med nettrett på utvalde trinn på alle skulane • Delta med to skular i nasjonalt prosjekt med koding som valfag på ungdomstrinnet
Organisasjon og leiing	<ul style="list-style-type: none"> • Leggja til rette for at fleire skular har minst ein lærar med rettleiingskompetanse overfor nyutdanna

PPT, Barnevern, Time Kulturskule, Bryne Kompetancesenter (BKS), Helsestasjon, skulehelseteneste og familiesenter (HSF)

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	<ul style="list-style-type: none"> Utvikla nye prosjekt i samarbeid med grunnskule og Den kulturelle skulesekken Time kulturskule skal tilby fagleg kompetanse og kurs for barnehagetilsette Barnevernstenesta skal sikra god drift i felles Tiltaksavdeling for Time-, Klepp- og Hå kommune
Fleirkulturelt samfunn	<ul style="list-style-type: none"> Utarbeida informasjon om tilbodet ved HSF på fleire språk PPT vil gjennomføra oppdatering/fornyning av språkuavhengig testing
Tidleg innsats	<ul style="list-style-type: none"> HSF vil utforma skriftlege rutinar for ulike overganger HSF vil prøva ut ordning med tidleg heimebesøk av jordmor i tråd med retningslinjer frå Helsedirektoratet HSF vil delta i prosjektet «Familie for første gang» HSF vil styrkja skulehelsetenesta i grunnskulen med 80 % stilling og vidaregåande skule med 20 % Barnevern vil utarbeida nye rutinar saman med andre instansar på meldingar knytt til vold og seksuelle overgrep PPT skal gjera meir systemretta arbeid som bidreg til førebygging og reduksjon i talet på utgreiingar PPT skal vurdera ulike tiltak som kan bidra til å nå målet om to månaders ventetid BKS vil utvida samarbeidet mellom Særskilt norskopplæring (SNO, for elevar 6-16 år) og heimeskulane, for å styrka kompetansen på BKS og heimeskulane
Oppvekst i informasjonssamfunnet	<ul style="list-style-type: none"> HSF vil testa ut programmet «Min helsestasjon»
Organisasjon og leiing	<ul style="list-style-type: none"> Implementera strategiplan for oppvekst

6.1.4 Tabell over netto utgiftsrammer tildelt tenesteområdet

Oppvekst Netto driftsutgifter (1000 kr)	Økonomiplan						2016-2017
	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	2017	2018	2019	2020	
Administrasjon*	5 581	6 087	6939	6939	6939	6939	14,0 %
Pedagogisk psykologisk teneste	6 286	6 507	6583	6583	6583	6583	1,2 %
Barnehagar	159 838	164 453	169 835	171 635	174 795	176 695	3,3 %
Undervisning	191 515	201 932	208581	210530	214055	217330	3,3 %
Bryne kompetancesenter-vaksne	2 125	2 966	2 677	2 677	2 677	2 677	-9,7 %
Kulturskule	5 907	6 466	6 487	7 187	7 187	7 187	0,3 %
Helsestasjons- og skulehelseteneste	11 261	12 303	13 399	13 699	13 999	14 299	8,9 %
Kriminalitetsførebygging	788	791	813	813	813	813	2,8 %
Barnevern	31 911	32 817	31 189	31 189	31 189	31 189	-5,0 %
Rammereduksjon				-3 200	-6 600	-5 100	
Sum netto driftsutgifter	415 212	434 322	446 503	448 052	451 637	458 612	2,8 %

*Frå 2017 er oppvekst stab samla i administrasjon. Dei var tidlegare fordelt på stab, barnehage og undervisning.

6.1.5 Endringar med økonomiske konsekvensar i planperioden

- Bruk av nettbrett i undervisninga vert gradvis innført for alle klassetrinn i skulen. Kostnadane er 3,3 millionar kroner i 2017, 4,2 millionar kroner i 2018, 4,5 millionar kroner i 2019 og 4,3 millionar kroner i 2020.
- Nedlegging av Ragnastølsberget barnehage. Sparte utgifter gjeld 0,3 årsverk og at ein unngår kostnader knytt til oppgradering av uteområdet.
- Reduksjon på 0,3 årsverk i open barnehage
- Redusert vikarressurs i kommunale barnehagar med 0,3 millionar kroner
- Endring av talet på tilsette i undervisning og barnehage er basert på utvikling i talet på barn i skule og barnehage og er 2020 over 9 millionar kroner høgare enn i 2016
- Skjønnstilskot til språkdeling i grunnskulen med 0,7 millionar kroner årleg
- Skulehelsetenesta får ein auke på 1 årsverk i 2017 og helsestasjon får 1 årsverk i 2019
- Staben i oppvekst vert styrka med 0,6 årsverk
- Barnevern vert redusert med 2 millionar kroner. Dette er knytt til nedgang i kostnadskrevjande tiltak.
- Auken på 0,5 årsverk i grunnskule for vaksne. Auken blir finansiert med refusjonar frå Klepp kommune.
- Reduksjon på 3,2 årsverk ved Bryne kompetansesenter etter nedlegging av asylmottak på Klepp og færre arbeidsinnvandrarar.
- Reduksjon på 1,6 årsverk ved Bryne kompetansesenter grunna færre barn enn venta i asylmottak.

6.1.6 Oversikt over personalressursar

Oppvekst	31.12.2016	Nye	Redusert	31.12.2017
Administrasjon	6,5	0,6		7,1
Pedagogisk psykologisk teneste	8,4			8,4
Barnehagar	172,9		-1,0	171,9
Undervisning	302,4	3,3	-5,6	300,1
Vaksenopplæring	24,7	0,5	-3,2	22,0
Kulturskule	11,8			11,8
Helsestasjons- og skulehelseteneste	17,9	1,6		19,5
Kriminalitetsforebygging	1,0			1,0
Barnevern	21,0			21,0
Årsverk i alt	566,5	6,0	-9,8	562,7

6.2 Omsorg

Tenesteområdet omfattar heimeteneste, miljøteneste, psykisk helse- og rusarbeid og institusjonsteneste. Med fokus på velferdsteknologi, tidleg innsats og innovasjon er målet å utvikla fleksible og tilpassa tenester til kvar enkelt brukar. Tenestene vert tildelt på lågast mogleg nivå slik omsorgstrappa viser. Det lågaste trinnet i omsorgstrappa er tildeling av praktiske hjelpemidlar for å kunna klara seg heime. Tenestebehovet vil auka i takt med hjelpebehovet, og det øvste trinnet i omsorgstrappa er heildøgnteneste i institusjon.

Største delen av utgiftene i Omsorg er til brukarar som har behov for særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester. Det har vore ei stor auke i denne brukargruppa dei siste åra. Dette har resultert i at satsinga på førebyggjande tenester ikkje har vorte prioriterte som ønska.

6.2.1 Status og utfordringar

Strategiplanen for Omsorg skal reviderast i 2017. Planen viser framtidige mål, utfordringar og utforming av tenestene. Samfunnet, behova og forventingane er i endring. Det krev at tenesteytarane må omstilla seg både i holdningar, og i måten ein yter tenestene på, samt at ein må samarbeida eksternt og internt i kommunen. Utfordringa framover vert å avklara forventnignar til tenester, standard og kvalitet.

Omsorg vil gjennomføra prosjektet Heiltidskultur og arbeidstidsordningar i 2017. Målet med prosjektet er å kunna ha arbeidstidsordningar lagt opp etter brukarane sitt behov og redusera deltidsstillingar. Prosjektet vert gjennomført som eit innovasjonsprosjekt for å finna nye og betre løysingar.

For å sikra gode kvalitative tenester vil Omsorg auka kompetansen i geriatri for tilsette som arbeider med brukargruppa med psykisk og fysisk funksjonssvikt. Kompetanse innan rus og psykisk helse, lindrande omsorg, demens og velferdsteknologi vil også verta prioritert.

Omsorg vil satsa på velferdsteknologi og i første omgang ønsker me å testa ut hjelpemiddel som mellom anna sporings-GPS, elektroniske låsesystem, elektronisk medisindispenserar og individuelt tilpassa hjelpemiddel. I tillegg kjem individuelt tilpassa teknologiske hjelpemiddel. Når det gjeld velferdsteknologi som skal rapporterast direkte inn i journalsystem, anbefalar direktoratet for E-helse at ein ventar med innkjøp av teknologiske løysingar til ei nasjonal plattform er etablert og den kommunale infrastrukturen er bygd ut.


Framover må me arbeida med å utvida dag- og avlastningstilbodet for personar med demens og deira pårørande, då me ser at dette er eit aukande behov.

Satsingsområde

- Tidleg innsats internt i Omsorg og på tvers av kommunalområda
- Brukarmedverknad
- Heiltidskultur og arbeidstidsordningar
- Velferdsteknologi og digitalisering
- Fag- og leiarkompetanse
- Interkommunalt samarbeid
- Fleirkulturelt samfunn



Prosentvis fordeling av netto utgifter til omsorg, 2015




KOSTRA-tala viser at Time kommune brukar mest på institusjon samanlikna med dei andre i gruppa. Talet på institusjonsplassar er vesentleg for kostnadsfordelinga. Time har 99 plassar mot for eksempel Klepp sine 82. Samtidig har Time fleire eldre over 80 år enn Klepp og derfor eit større behov for institusjonsplassar.

Institusjonstenester

Institusjonstenesta har totalt 99 sengeplassar fordelt på Bryneheimen med 58 plassar og Sivdamheimen med 41 plassar. Bryneheimen gjev tenester til personar som treng heildøgnomsorg, og som ikkje kan bu heime. Sivdamheimen har to avdelingar: korttid/rehabiliteringsavdeling og avdeling til personar med demenssjukdom. Det er teke i bruk to plassar på Sivdamheimen til lindrande behandling.

Plassar med heildøgnomsorg per 100 innb. 80 år og over i % 2015



KOSTRA-tala viser at Time kommune ligg noko lågare enn gjennomsnittet for Rogaland og landet elles med omsyn til dekking av institusjonsplassar og bustader med heildøgnomsorg til personar over 80 år. Time kommune har hatt fleire unge under 80 år med behov for institusjonsplass. Me ser at det er ei auke av yngre personar som utviklar demenssjukdom og unge med alvorlege og kroniske sjukdommar. Denne gruppa treng høgare bemanningsfaktor enn ein normalt har i sjukeheimar.

I snitt er det tre til fem på venteliste til langtidsplass i institusjon, og det største presset er til avdelinga for personar med sjukdommen demens.

Time kommune har god dekning på heildøgn institusjonsplasser. Konsekvensen av samhandlingsreforma der brukarar skal behandlast i sitt nærområde er at sjukeheimane vert behandlingsinstitusjonar meir enn sjukeheimar.

Jæren øyeblikkeleg hjelp (JØH) som er eit alternativt tilbod til sykehusopphald for kronikarar vert flytta til Sandnes i løpet av våren 2017. Tilbodet er eit amarbeid mellom Time, Klepp, Gjesdal og Sandnes.

Heimetenester

Tenestene omfattar heimesjukepleie, kvardagsrehabilitering, praktisk bistand, Kvernaland omsorgssenter, bukollektiv, tryggleiksalarmer, tekniske hjelpe midlar (også velferdsteknologiske løysingar), støttekontakt, omsorgslønn, matombringning til heimebuande, dagsentertilbod og BPA (brukarstyrt personleg assistent).

Satsingsområda innanfor tidleg innsats i heimetenesta er ernæring, kvardagsrehabilitering, førebyggjande heimebesøk og tidleg kartlegging/diagnostisering av personar med demens. Førebyggjande heimebesøk er ikkje sett i system ennå. Målet er å ta ei tverrfagleg vurdering saman med brukaren ved første søknad inn til kommunen. Det vert Kvardagsrehabiliterings- teamet som vil organisera dette i første omgang.

Rus og psykiatri

Tenesteeininga består av psykisk helse- og rusarbeid på dagtid, samt døgnbemanna bufellesskap og støttekontakt/treningskontakt. Det er også eit lågterskel dagtilbod, lokalisert i Svensenhuset.

ROCK-teamet (Respekt, Omsorg, Coaching, Kompetanse) er eit prosjekt med ei og ei halv stilling finansiert av midlar frå Fylkesmannen i perioden 2016-2018. Dei skal rettleia personar med kognitiv svikt og rusproblematikk primært i miljøtenesta.

Ernæringsprosjektet «Smak og kjenn at maten gjer noko godt med deg» er eksempel på tidleg innsats. Det viser seg å ha god effekt gjennom redusert rusbehov og uro. Buoppfølging er også tidleg innsats. Brukarar utan buevne får støtte og rettleiing til å meistra kvardagen så dei ikkje mister husværet sitt. Erfaringskonsulenten hjelper personalet i å finna gode måtar å tilnærma seg brukarane på for å koma raskt i gang med dei rette tenestene.

Kommunen er lovpålagt frå 2017 til å ha eit øyeblinkleg hjelp-tilbod for brukarar innan psykisk- helse og rusarbeid. Time kommune samarbeider med Klepp, Sandnes og Gjesdal om å etablira dette tilbodet.

Kommunal betalingsplikt for utskrivingsklare brukarar innan psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert behandling for rusavhengighet (TBS) vert tidlegast innført i 2018.

Regjeringa har i statsbudsjettet prioritert rus- og psykiatriområdet. Rådmannen har brukt ekstra ressursar til å finansiera stillingar som i dag er finansierte med øyremerka statstilskot som me forventar fell bort og til fullfinansiering av fagutviklarstillinga.

Miljøtenester

Tenesta er for personar med nedsett fysisk og/eller psykisk funksjonsevne og unge med tilknytings- og åtferdsvanskår. Tenesta består av helsehjelp og opplæring i daglege gjeremål, omsorgslønn, støttekontakt, BPA (brukarstyrt personleg assistent), barnebustader, avlastningsheim og dagsenter.

Denne eininga har mange ulike brukargrupper, og det er stort behov for fagleg og variert kompetanse som gjev tryggleik og meistring av kvardagen. Nokre brukarar har behov for spesialkompetanse og personleg tilrettelagte bustader. Det har ført til at me har kjøpt eksterne tenester til fleire av brukarar. I denne brukargruppa er det også viktig å ha ein god kvardag med arbeid og interessante fritidsaktivitetar. Det er med på å førebyggja uro og uønskt aktivitet, til tider kriminell aktivitet. VTA (Varig Tilrettelagt Arbeid), anna arbeid eller tilbod om dagsenter er førebyggjande tiltak og tidleg innsats. Det er vorte oppretta eit rådgjevande utval, med representantar frå NAV, Jæren industripartner og Time kommune. Utvalet skal arbeida med å gje aktivitetstilbod på rett nivå etter brukarbehov og meistring. Samarbeidet har ført til at talet på ventelista er redusert frå ca. 30 til 11 brukarar i dag.

Brukarane som skal flytta frå foreldreheimen til Stemmen burettslag, vil få ein stor auke i tenestebetøvet for å erstatta foreldreinnsatsen. Alle i denne gruppa har fått vurdert sitt personlege behov for velferdsteknologi.

I løpet av langtidsperioden vil behovet for dagsenterplassar for personar med fysisk og psykisk funksjonssvikt auka. Det har vore ein større auke i brukarar som nytta tilrettelagt aktivitetstilbod før og etter skuletid (TAT). Når desse brukarane ikkje kan nytta TAT lenger vil dei ha behov for dagsenterplass.



6.2.2 Mål for langtidsperioden

Omsorg 2020 er regjeringa sin plan for omsorgsfeltet. Planen skal fungera som eit viktig grunnlagsmateriale for kommunen si planlegging, utvikling og drift av helse- og omsorgssektoren. Omsorg satsar på tidleg innsats, relevant kompetanse, godt leiarskap og tverrfagleg samarbeid. Målet er å ha brukarmedverknad, driva innovativt, effektivt og få god kvalitet på tenestene. Samtidig skal me ha eit fagmiljø som er attraktivt og inspirerande.

- Rekruttera tilsette med rett kompetanse til å ivareta omfanget og kvaliteten på tenestene på ein rasjonell og god måte i takt med samfunnsutviklinga
- Tilpassa arbeidstidsordningar etter brukarbehovet, for å levera gode tenester i alle einingane
- Styrka og utvikla leiarrolla
- Leggja til rette for kompetanseutvikling i tråd med kompetanseplanen
- Byggja innovasjonskultur ved å bruka BLT-metoden og gjera han kjent i einingane
- Redusera sjukefråværet
- Ha fokus på tidlig innsats, velferdsteknologi, digitalisering og innovasjon
- Ha kontinuitet og god samordning i tenestetilbodet
- Auka samarbeidet med frivilligsentralen og andre lokale frivillige lag
- Greia ut behovet for felles tiltak med Jærrådkommunane om å oppretta interkommunalt korttids-/døgntilbod for eldre rusmisbrukarar
- Utvida kapasiteten på dagsenterplassar for personar med fysisk og psykisk funksjonssvikt
- Arbeida for å tilpassa tenestene i eit fleirkulturelt samfunn
- Ha eit interkommunalt øyeblikkeleg hjelptilbod for brukar innan psykisk- helse og rusarbeid
- Utvida opningstid i dagtilbodet for personar med sjukdommen demens

6.2.3 Tiltak i 2017

- Gjennomføra brukarundersøkingar innan Heimeteneste og Dagsenter for eldre
- Gjennomføra prosjektet Heiltidskultur og arbeidstidsordningar
- Setja i verk målretta tiltak for å redusera sjukefråværet
- Testa ut velferdsteknologi (f.eks. lokaliseringsteknologi -GPS, elektronisk medisineringsstøtte -elektronisk medisindispenser og elektroniske dørlåsar/ e-lås)
- Inkludera rusmiddelpolitisk handlingsplan i revideringa av Strategiplan Omsorg
- Gjennomføra kvardagsinnovasjon i einingane
- Gjennomgå dagtilbodet i omsorg for å gje rett dagtilbod i forhold til brukarbehov
- Setja i verk interkommunalt øyeblikkeleg hjelptilbod for brukar innan psykisk- helse og rusarbeid
- Utgreia oppstart og innhald for kompetanseeining saman med Klepp og Gjesdal
- Planleggja organisering og drift av Stemmen burettslag

6.2.4 Tabell over netto utgiftsrammer tildelt tenesteområdet

Omsorg	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Økonomiplan				2016- 2017
			2017	2018	2019	2020	
Netto driftsutgifter (1000 kr)							
Administrasjon	5 140	4 985	5 308	5 438	6 718	7 398	6,5 %
Institusjonstenester	80 762	82 311	84 131	85 866	85 866	86 866	2,2 %
Heimetenester	49 279	54 922	55 979	55 654	55 979	56 804	1,9 %
Miljøtenester	67 915	69 049	81 472	83 184	83 184	83 184	18,0 %
Psykisk helse og rus	16 740	19 883	20 347	20 627	21 577	21 577	2,3 %
Aktivitets- og servicetenester	8 722	10 073	10 356	10 356	10 496	10 396	2,8 %
Samhandling	487	3 400	3 485	3 485	3 485	3 485	2,5 %
Rammeredeksjon			0	-1 600	-3 400	-3 000	
Sum netto driftsutgifter	229 045	244 623	261 078	263 010	263 905	266 710	6,7 %

6.2.5 Endringar med økonomiske konsekvensar i planperioden

- 6,5 nye årsverk frå 2017 i Miljøtenesta til ressurskrevjande brukarar
- Utvida nattevaktenesta på Sivdamheimen – demensavdelinga med 1,9 årsverk i 2017
- Auka i BPA-ordningar med eitt årsverk i 2017
- Nye ressursar til Stemmen burettslag frå 2018 med 10 årsverk
- Utvida dagtilbodet for demente med eitt årsverk i 2018
- Kjøp av eksterne spesialisttenester og institusjonsplasser
- Auke i kostnader for ressurskrevjande helsetenester
- Auka satsing på velferdsteknologi, 500 000 kroner kvart år i planperioden

6.2.6 Oversikt over personalressursar

Omsorg	31.12.2016	Nye	Redusert	31.12.2017
Administrasjon	5,0			5,0
Institusjonstenester	117,6	1,9		119,5
Heimetenester	75,9			75,9
Miljøtenester	113,4	7,5		120,9
Rus- og psykiatritenester	30,3		-0,6	29,7
Aktivitet- og servicetenester	6,0			6,0
Årsverk i alt	348,2	9,4	-0,6	357,0

6.3 Samfunn

Tenesteområdet har som oppgåve å driva og utvikla allmenne tiltak og tenester for innbyggjarane. Dette vert gjort i tråd med intensjonane i lov og regelverk innafor dei økonomiske rammene kommunen har. Innbyggjarane skal vera sikra førebyggjande helsearbeid, nødvendig helsehjelp, hjelp til nødvendig livsopphald, bibliotek-, kultur- og fritidstilbod, kommunaltekniske tenester, planlegging, utbygging, drift og vedlikehald av kommunale bygg, anlegg og uteområde og dessutan nødvendig oppfølging av landbruks-, miljø- og kulturverninteresser.

6.3.1 Status og utfordringar

Samarbeid med NAV Time om tiltak for å redusera aukande arbeidsløysa i regionen er viktig. Kommunen må ta sin del av samfunnsansvaret ved å stilla praksis- og aktivitetsplassar til disposisjon for arbeidsledige.

Det er ei utfordring å få tilsett nye private fastleggar. Dette gjeld både i Time og andre kommunar i regionen. Det kan sjå ut som legane i større grad ønsker å vera arbeidstakrar og i mindre grad driva privat praksis med store investeringar i startfasen.

Kommunen har dobla talet på mottak av flyktninger for å ta sin del av den auka flyktingstraumen som landet opplevde i 2015. Kommunen har oppretta ei ny tenesteeining frå 01.09.16, flyktingetenesta, for å styrkja arbeidet med busetting og integrering av flyktningar.

Det vart i 2016 etablert eit desentralisert privat asylmottak på Bryne. Dei offentlege tenestene dette medfører vert i hovudsak dekka fullt ut av statlege tilskot i mottakspериодen.

Det er ei prioritert oppgåve å finna og utføra rettast moglege tiltak for handtering av overvassutfordringane på Bryne.

Samfunn har ansvar for å levera ferdige kommunale bygg til rett tid i tråd med investeringsdelen til økonomiplanen.

Folkehelse, plan og landbruk

Det er utarbeida oversikt over folkehelsa i kommunen. Oversikta peiker på utfordringar og strategiar for å nå mål for folkehelsearbeidet og skal gje innspel til arbeidet med neste planstrategi. Kommunen har etablert årshjul for samla oversiktsarbeid. Det syner kva folkehelseindikatorar kommunen skal følgja særleg med på og kva ansvar og rutinar som gjeld.

Plan og forvaltning opplever mindre pågang av private reguléringsplanar som skal saksbehandlast. Det skuldast redusert bustadbygging som følgje av oljekrisa og aukande arbeidsløyse i regionen. Det vert brukt ressursar på områdeplanar for område med eldre reguléringsplanar, jf. Planstrategi 2015-2019.

Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026 er godkjent. Handlingsplanen skal følgjast opp i perioden.

Nye nasjonale forventningar til kommunal planlegging legg vekt på raskare planprosessar for planlegging av bustad, næring og samferdsel. Forslag til endringar i plan- og bygningslova kan mellom anna medføra krav om større vekt på startfasen og nye reglar for planendringar for private detaljreguleringsplanar.

Landbruksplanen er revidert i 2016. Den legg føringar for landbrukspolitikken i Time kommune og føreseieleg forvaltningssaker innan landbruk. Revidert landbruksplan skal gje innspel til kommuneplanen sin arealdel med føresegner og retningslinjer.

Beredskap

Kommunen følgjer regelmessig opp beredskapsarbeidet mellom anna med samarbeid og øvingar med IVAR IKS, Rogaland brann og redning IKS og Fylkesmannen. Overordna risiko- og sårbarhetsanalyse for kommunen er revidert i 2016. Handlingsplanen vert følgt opp i økonomiplanarbeidet framover.


Ny hovudbrannstasjon i Sandnes opnar i 2017 og me får dagkassernert mannskap i den ombygde Bryne brannstasjon frå 01.01.2017. Dagløysinga på Bryne er ei midlertidig løysing til det er behov for døgnkassernert ordning, og skal vara i minst 10 år. Det er planlagt fleire nye brannstasjonar i regionen i perioden.

Time kommune betalte i 2016 3,35 % av totalkostnadene i brannvesenet. Det er vedtatt at kostnadene i brannvesenet frå 2022 skal fordelast etter folketal og ikkje etter «historiske» kostnader. Etter ein fem-års overgangsperiode vil kostnaden for Time utgjera 6,3 % av totalkostnadene i Rogaland brann og redning IKS. Opptrappinga startar i 2017.

Samferdsel, vatn, avløp og renovasjon

Me har utfordringar med eit større etterslep av reasfaltering av kommunale gater og vegar. Innsatsen her er noko styrka i komande fire-årsperiode. Krav om utskifting av gammalt gatelysarmatur med LED-teknologi er tatt høgde for i investeringsdelen dei komande åra.

Hovudplan for vatn og avløp 2016-2026 vil verta lagt fram for godkjenning i løpet av 2016. Hovudtiltaka i planen har fokus på å sikra robust vassforsyning til heile kommunen, sanering av gammalt og dårlig leidningsnett og handtering av overvatn.




Renovasjonstenesta er vurdert kostnads-effektiv og gebyrnivået er blant dei lågaste i landet. Det vert innført ny renovasjonsordning i planperioden. Plast skal ikkje lenger sorterast som eige avfall, men inngå i restavfall. I 2016 starta me opp ei prøveordning med henting av grovavfall. Me vil i eiga politisk sak vurdera om dette skal verta ei fast ordning. Tilsvarande henteordningar for hageavfall og farleg avfall vil og verta omtalt i same sak.

Renovasjonsavgifta vert auka frå 2017. Dette skuldast i hovudsak ei auke på 10 % på behandlingsgebyret for rest- og bioavfall, samt at renovasjonstenesta har hatt eit mindre underskot dei siste åra grunna høgare kostnader frå dei nedgravne konteinarane.


Helse-, sosial- og flyktningteneste

KOSTRA-tala 2015 syner at lege- og fysioterapitenestene i Time ligg under nivået i fylket, aktuell Kostragruppe og landet. Ergoterapitenesta ligg noko over.




Figuren viser at Time har lågare dekning enn kommunane me samanliknar oss med. Tenesta er styrka i 2016 gjennom ein ny fastlegeheimel og eit nytt privat driftstilskot til fysioterapi. I langtidsperioden 2017-2020 er det føreslått å styrka privat fysioterapi med ytterlegare eit driftstilskot. Legetenesta er planlagt styrka med ein ny fastlegeheimel i langtidsperioden som følgje av folkevekst. Det er føreslått eit nytt årsverk ergoterapeut frå 01.07.2017 for å styrka arbeidet med kvardagsrehabilitering og for å redusera ventetid på ergoterapitenesta.

KOSTRA-tala syner at Time har ein større del sosialhjelpsmottakarar enn andre kommunar på Jæren. Time er på nivå med Sandnes.



Det vert innført arbeidsplicht for sosialhjelpsmottakarar under 30 år frå 2017. NAV Time må samarbeida med næringslivet og tenesteområda i kommunen om å oppretta tiltakslassar tilpassa den enkelte brukar. NAV har oppretta eit eige ungdomsteam for tettare og meir tilpassa oppfølging av unge sosialhjelpsmottakarar.

Gjennomsnittlig antal månader med stønad for mottakarar av sosialhjelp, 2015



Arbeidsløysa er fremdeles høg i Time kommune. NAV rettar innsatsen mot unge arbeidsledige og langtidsledige. Ungdomsgarantien til NAV betyr at unge enten skal ha arbeid eller vera på tiltak. Situasjonen på arbeidsmarknaden framover er usikker, men me ser ein aukande optimisme blant fleire bedrifter som har fått nye oppdrag.

NAV skal samarbeida tett med Kompetansesenteret og flyktningstenesta for å få flyktningar i utdanning eller arbeid. Det er etablert eit samarbeid med Klepp kommune om prosjektet «Jobbsjansen» for å få fleire innvandrarar og flyktningar i arbeid.

Busetting av flyktningar har følgt treårige planar i Time i lang tid. Dette har vore føreseileg for den kapasiteten me må ha i mottaksapparatet. Kvoten for mottak av flyktningar i perioden 2016-2018 vart auka til 40 personar årleg på grunn av endringar i flyktningsituasjonen. Dette krev god samordning av tenester slik at flyktningane lettare vert integrerte i lokalsamfunnet, og kvalifiserte til arbeid og utdanning.

Det vil verta jobba med å få flykningar raskast mogleg ut i arbeid eller utdanning. Introduksjonsprogrammet skal verta meir individuelt tilpassa slik at me kan byggja på den enkelte flyktning sin eigen kompetanse.

Fritid og kultur

Storstova har i lang tid vore sprengt på kapasitet og me har i mange år sett behovet for å utvida kinotilbodet og få eit eige kulturhus. Ny kino med fire salar vil opna hausten 2017 i Bryne Torgsenter i Bryne sentrum. Dette vil gje eit utvida tilbod til publikum og vera eit viktig byutviklingsgrep. Storstova vert då reindyrka som kulturhus med utvida kapasitet for ulike aktørar.

Ungdomsmiljøet i kommunen har i mange år sett fram til å få etablert nytt ungdomskultursenter på Bryne. Tidleg i 2016 opna Møllekjellaren i Bryne Mølle, og besøkstala har vore gode. Målet er å tilby eit rusfritt og trygt tilbod til ungdom på Lye, Kverneland og Bryne. Fritidstilboda skal byggja opp under og sjåast i samanheng med satsinga på tidleg innsats.

Kommunen overtok driftsansvaret for Time frivilligsentral i 2016, og frå 2017 er statleg tilskot til frivilligsentralen lagt inn i rammetilskotet. Frivilligsentralen legg til rette for auka frivillig innsats innan fysisk aktivitet, kulturtilbod og sosiale aktivitetar kor innbyggjarane kan gje og motta frivillig hjelpe. Målet er auka frivillig innsats på tvers av generasjonar.

Det er sett av 1 million kroner i 2016 og 2017 i tilskot til Hognestad idrettslag. Jæren Golfklubb får oppjustert tilskotet sitt til 370 000 kroner i 2017. I slutten av langtidsperioden er det lagt inn tilskot til planlagt friidrettsanlegg på Frøyland og tilskot til lager ved stadion på Undheim.

Kommunen opnar ny fleirbruks-/idrettshall på Frøyland i 2017 og i Vardheia i 2020.

Anleggstilskotet til private lag vert auka med 250 000 kroner i 2017 og ytterlegare auka i 2018 med 100 000 kroner.


Time bibliotek har ei målsetting om å vera ein arena for integrering av flyktingar, asylsøkjarar og arbeidsinnvandrarar. Biblioteket har starta opp tiltak innan språktrening og innføring i samfunnsforholda. Det er fleire faste arrangement kvar veke kor asylsøkjarar sjølv er kurshaldarar og samtalepartnarar.

Frå hausten 2016 vil biblioteket styrkja tilbodet av digital kompetanse for innbyggjarane gjennom kurs og/eller individuell digital hjelp i samarbeid med frivilligsentralen. Det er sett av midlar til å fullføra digitaliseringa av gamle bilde frå kommunen.

Kulturtenestene, inkludert kulturvernarbeidet, skal samordnast og leiast av kultursjef frå 2017.


Eigedom

Bygging av nye skulebygg på Bryne og Kvernaland vert ferdige i 2017. Det vert bygd ny Trollongane barnehage i 2017-2018. Planlegging og bygging av ny ungdomsskule i Vardheia, i samarbeid med Klepp, er planlagt ferdigstilt i planperioden.



KOSTRA-tala syner at Time har mindre areal til eigedomsforvaltning per innbyggjar enn i fylket og aktuell Kostragruppe.

Driftsutgifter til eigedomsforvaltning er om lag på same nivå som nabokommunar, Rogaland og resten av landet.



Arbeid med energiøkonomisering har gjeve betydelege kostnadsreduksjonar i energiforbruket til den samla kommunale bygningsmassen. Revidert energiavtale, bruk av alternative energikjelder, sentralstyringsanlegg for energibruken i større bygg og rehabilitering av ventilasjonsanlegg har bidrige til dette.

6.3.2 Mål for langtidsperioden

- Sikra innbyggjarane sine behov for nødvendige helse- og sosialtenester av god kvalitet
- Redusera talet på unge sosialhjelpsmottakarar
- Bibliotek-, kultur- og fritidstilboda skal vera i takt med etterspørselen frå innbyggjarane og samfunnsutviklinga elles
- Vurdera om dei etablerte kommunale fritidstilboda treff prioriterte målgrupper og gjev eit supplement til tilboda i frivillige/private lag og organisasjonar
- Mogleg justering av dei kommunale tilboda mot prioriterte målgrupper
- Vasskvaliteten i vatn og bekkar på Jæren skal oppfylla krava i EU sitt vassdirektiv
- Sikra ei effektiv, sikker og miljøvennleg vass-, avløps- og renovasjonsteneste som dekker hushalda og næringslivet sine behov
- Redusera risikoen for trafikkulykker i kommunen
- Leggja til rette for at ein aukande del av persontransporten skjer med buss, bane, til fots og på sykkel
- Vera pådrivar og samarbeidspart for å vidareutvikla kollektivtilbodet mellom Bryne og andre byar og tettstader
- Sikra god tilgang på område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv ved utbygging og fortetting
- Få til ei urban utvikling av Bryne sentrum med fokus på bukvalitet og Bryne som regionsenter for næring, læring og kultur
- Sikra innvandrarar og flyktingar god integrering og arbeid gjennom tett samarbeid med arbeidsgjevarar og frivillig sektor
- Arbeida med omlegging av introduksjonsprogrammet for å gjera dette meir individuelt tilpassa den enkelte flyktning, jf. «Hurtigsporet» omtalt i statsbudsjettet 2017
- Arbeida for ein føreseileg og langsiktig politikk for frivillig arbeid
- Førebyggja klimaendringar med å redusera klimagassutslepp og svevestøv
- Førebyggja uønska konsekvensar av klimaendringar
- Sikra tilstrekkeleg med bustader til prioriterte målgrupper

6.3.3 Tiltak i 2017

Folkehelse, plan og landbruk

- Revidera Folkehelseprofil for Time kommune
- Arbeida for å etablera eit meir samanhengande turstinett
- Følgja opp konkrete område- og detaljreguleringsplanar i tråd med planstrategien
- Gjennomføra opparbeiding av Kaizersplassen, Mølledammen nord og sør og Shared space i Reevegen i tråd med handlingsplanen til ny sentrumsplan
- Få godkjent planprogram til ny arealdel til kommuneplanen
- Utarbeida tiltaksplanar for vassmiljøet i Orre- og Håvassdrag
- Ta vare på biologisk mangfald ved å setja ut humlekassar, etablera blomstereng, utsetja kantslått og redusera bruk av sprøytemiddel

Beredskap

- Gjennomføra beredskapsøving
- Etablera dagkassernering ved Bryne brannstasjon

Samferdsel, vatn, avløp og renovasjon

- Gjennomføra prioriterte tiltak i trafikktryggleiksplanen
- Setja i verk vedtatt parkeringsstrategi for parkering i Bryne sentrum
- Utarbeida gatebruksplan for heile Bryne
- Utarbeida plan for sanering av leikeplassar på Kvernaland
- Styrka vedlikehaldsarbeidet på kommunale vegar
- Skifta ut halogenarmatur med kvikksølv i gatelys med nye LED-armatur
- Systematisera og digitalisera drift av overvass-, veg- og grøntanlegg
- Alle bygningar som har vassforsyning, skal ha installert tilbakestrøymingsvern og vassmålar i 2017
- Gjennomføra førebyggjande tiltak for overvasshandtering i utsette område på Bryne
- Etablira oversikt over sårbare abonnentar med einsidig vassforsyning
- Vurdera innføring av henteordning for hageavfall og farleg avfall
- Innføra renovasjons-app for tømmevarsling, tømmekalender og abonnementsoversikt



Helse-, sosial- og flyktningteneste

- Redusera ventetida til ergoterapitenesta til tre månader
- Ta i bruk auka ressursar til kvardagsrehabilitering
- Greia ut andre måter å organisera fastlegetenesta på
- Etablira gode rutinar for resultatrapportering frå ungdomsteam, jobbsjansen, kvalifiseringsprogrammet og introduksjonsordninga
- Presentera oversikt over arbeidsledige i ulike arbeidsmarknadstiltak kvart tertial
- Busetja flyktningar i samsvar med politisk vedtak for perioden 2016-2018
- Starta opp aktivitetstilbod for sosialhjelpsmottakarar i kommunal regi

Fritid og kultur

- Revidera kulturplan og inkludera ein strategi for samhandling med frivillig sektor
- Utvikla eit breitt aktivitetstilbod i Møllekjellaren i nært samarbeid med ungdommane
- Etablira kino i Bryne Torgsenter i Bryne sentrum og drifta Storstova som eit eige kulturhus
- Auka marknadsføringa av ny kino og anna kulturverksemder i kommunen
- Utvikla biblioteket til opplæringsarena for digital kompetanseheving for innbyggjarane
- Fortsetja arbeidet med å digitalisera fotosamlinga på biblioteket

Eigedom

- Optimalisera varmeanlegga i kommunale bygg
- Gjennomføra nødvendige brannsikringstiltak etter tilsyn i kommunale bygg
- Ta i bruk program for forvaltning, drift og vedlikehald i byggdrift, reinhald og det brannførebyggjande arbeidet
- Samkjøra fysisk vernerunde med årleg tilstandsvurdering av kommunale bygg og uteområde i fem bygg
- Gjennomføra dei byggjeprosjekta som er eller vert sette i gang i 2017 i tråd med investeringsdelen

6.3.4 Tabell over netto utgiftsrammer tildelt tenesteområdet

Samfunn	Netto driftsutgifter (1000 kr)	Økonomiplan						2016-2017
		Rekneskap 2015	Budsjett 2016	2017	2018	2019	2020	
Administrasjon	2 532	2 771	2 800	2 800	3 175	3 175	3 175	1,0 %
Plan og forvaltning	4 745	4 440	4 702	4 452	4 452	4 452	4 452	5,9 %
Landbruk, miljø og kulturvern	5 302	5 232	5 620	5 620	5 620	5 620	5 620	7,4 %
Vegar	9 177	10 019	9 587	9 687	9 787	9 787	9 787	-4,3 %
Helse og rehabilitering	28 557	30 001	31 040	31 615	31 940	32 265	32 265	3,5 %
Fritid	11 519	14 448	12 499	11 969	11 349	13 249	13 249	-13,5 %
Flyktningetenesta	9 423	10 561	14 453	16 123	16 123	16 123	16 123	36,9 %
NAV Time - sosialtenester	27 889	28 159	31 956	33 581	34 981	36 181	36 181	13,5 %
Grøntanlegg	8 576	9 081	9 318	9 668	10 018	10 018	10 018	2,6 %
Brannvern	5 516	5 758	7 227	9 102	10 752	12 352	12 352	25,5 %
Vatn, avløp og renovasjon	0	0	0	0	0	0	0	
Kultur	1 349	2 472	2 726	2 151	2 151	2 151	2 151	10,3 %
Eigedomsforvaltning	47 946	47 003	49 310	49 050	49 150	49 000	49 000	4,9 %
Bibliotek	5 618	5 755	6 019	6 019	5 869	5 869	5 869	4,6 %
Rammereduksjon			0	-1 600	-3 400	-3 000	-3 000	
Sum netto driftsutgifter	168 149	175 700	187 257	190 237	191 967	197 242	197 242	6,6 %

6.3.5 Endringar med økonomiske konsekvensar i planperioden

- Styrking av staben i Samfunn med 0,5 årsverk frå 2019
- Det ligg inne 250 000 kroner til kjøp av konsulenttenester i 2017 i forbindelse med revisjon av arealdelen til kommuneplanen
- Grunneigaravtalar for bruk av grunn til friluftslivsformål er styrka med om lag 100 000 kroner årleg
- Om lag 500 000 kroner i høgare inntekter frå ny parkeringsordning frå 2017
- Styrka ergoterapiteneste med 1,0 årsverk frå medio 2017 der kvardagsrehabilitering har prioritet
- Løyvde tilskot til Undheim IL sin kunstgrasbane og Hognestad IL sitt klubbhus er utbetalte i høvesvis 2016 og 2017 og medfører betydeleg mindre nettoutgifter for Fritid i resten av perioden
- Tilskotsordninga til private idrettsanlegg er styrka med 250 000 kroner i 2017 og ytterlegare med 100 000 kroner frå og med 2018
- Jæren golfklubb får tilskot på 370 000 kroner i 2018 til å byggja tak over øvingsområdet
- Auka kostnader til utvida mottak av flyktningar frå 20 til 40 personar årleg frå og med 2016, vert dekkja av auka integreringstilskot, jf. kap. 4
- Økonomisk sosialhjelp er auka med vel 3 millionar kroner i 2017 som følgje av utviklinga dei siste åra inkludert auka mottak av flyktningar
- Grøntanlegg er styrka med 1,0 årsverk frå medio 2018
- Brannvernkostnadene vert i perioden 2017-2021 omfordelte etter folketal mellom eigarkommunane og det betyr ein årleg kostnadsauke for Time på 1,5 millionar kroner
- Etablering av ny kino i Bryne Torgsenter er lagt inn frå 01.10.2017
- Reduksjon i leigeutgifter til Frøyland idrettshall på 575 000 kroner årleg frå medio 2017

- Reduksjon i energiutgifter på 650 000 kroner årleg fra 2016 til 1 million kroner i 2020 som følgje av ny straumavtale
- Reduksjon i årlege driftsutgifter ved Bryne kompetansesenter på 240 000 kroner årleg fra hausten 2017 grunna redusert bruk
- Auka reinhaldsutgifter på 1,5 millionar kroner årleg fra hausten 2017 ved Frøyland skule og Bryne ungdomsskule
- Auka med 0,4 årsverk for driftsoperatør primært tillagt vedlikehald og reparasjon av tekniske hjelpemiddel som innbyggjarar får tildelt av hjelpemiddelsentralen
- Til utvendig vase og maling, samt innvendig maling i 3. og 4. etasje i bygg C i rådhuset, er det lagt inn 1 million kroner i 2017
- Fullføring av digitalisering av fotosamlinga i biblioteket er lagt inn med 150 000 kroner i 2017 og 2018.



6.3.6 Oversikt over personalressursar

Samfunn	31.12.2016	Nye	Redusert	31.12.2017
Administrasjon	2,5			2,5
Plan og forvaltning	16,0			16,0
Landbruk, miljø og kulturvern	5,1			5,1
Vegar	6,5			6,5
Helse og rehabilitering	19,9	2		21,9
Fritid	13,8			13,8
Flyktningetenesta	4,5	0,5		5,0
NAV Time - Sosialtenester	10,5			10,5
Grøntanlegg	9,5			9,5
Vatn, avløp og renovasjon	1,5			1,5
Kultur	6,8	2,5		9,3
Eigedomsforvaltning	81,8	2,5	-0,3	84,0
Bibilotek	7,9			7,9
Årsverk i alt	186,3	7,5	-0,3	193,6

6.4 Stabstenester

6.4.1 Status og utfordringar

Politiske organ

Lokaldemokrati er eit satsingsområde i kommunen, med utgangspunkt i Europarådet sine 12 prinsipp for godt lokaldemokrati. I Handlingsplan for lokaldemokrati står kvalitetssikring av saksutgreiing, innsyn og medverknad sentralt. Klart språk i saksutgreiinga, dokumentasjon og innsyn i saksgang og vedtak og utprøving av nye arenaer for involvering er nokre av utviklingsområda.

For å effektivisera saksflyten i samband med politiske møte er det sett av midlar til innføring av ny reiskap for elektronisk distribusjon i 2017.

Vala vert førebudde og gjennomførte ved innleie av personell og ved bruk av administrativt tilsette i ulike delar av kommunen. For 2017 er det bestemt at det vert ein valdag mot tidlegare to. Det er sett av midlar til stortingsval i 2017 og kommuneval i 2019.

Kommunikasjon med innbyggjarar og næringsliv

Kommunen har mål om å kommunisera ope, tydeleg og i dialog. Det er eit mål at alle dokument frå kommunen skal ha klart språk og ein tydeleg avsendar.

Alle saksbehandlarar i kommunen får årleg tilbod om kurs i klart språk og saksutgreiing. Malane for tekst i brev vert gjennomgått avdelingsvis for å sikra klart språk. Alle publikasjonar skal utformast med utgangspunkt i profilen til kommunen.

Den grafiske profilen vart laga i 2010, og parallelt med arbeidet med å revidera kommunikasjonsstrategien er det sett av midlar til å fornya profilmanualen i 2017.

Kommunen har sett seg høge mål for digitalisering av kommunikasjonen med innbyggjarane, og det er sett av midlar til innføring av eit system som sender alle brev til innbyggjarane sin digitale postkasse og opnar for sikre digitale svar til kommunen. Det vert samtidig prøvd ut nye løysingar som skal gje kontakten med innbyggjarane stadig meir digital.

Med utgangspunkt i brukarundersøkinga i 2016 vil det i 2017 verta vurdert korleis nettsida til kommunen skal utviklast for å møta innbyggjarar, besökjande og næringsliv sine behov og forventningar i framtida.

Administrasjon

Nye system for handtering av lønns- og personaldata skal vera fullt implementert tidleg i 2017.

Startlån til vidare utlån vert nytta for å hjelpe særleg vanskelegstilte med å skaffa seg eigen bustad. Me må auka låneopptaket til startlån frå 25 millionar kroner til 50 millionar kroner i 2017 då me har store forventa utbetalingar inkludert utlån til Stemmen burettslag.

Innkjøpskostnaden er påverka av planlegging, organisering, teknologi, kompetanse og kontraktsoppfølging. For å oppnå formåls- og kostnadseffektive innkjøp krevst det god kompetanse om reglar, krav til prosess, verktøy og sjølve avtalane både blant leiarar og innkjøparar.

Innkjøp er også eit strategisk og politisk viktig verktøy for å fremja viktige samfunnsomsyn, næringsutvikling og i kampen mot organisert arbeidslivskriminalitet og sosial dumping.

Frå 1. januar 2017 vert det innført nye reglar for offentlege innkjøp. Kommunale retningslinjer vil verta oppdaterte og implementerte.

Digitaliseringssatsinga held fram, med utarbeiding av handlingsplanar i kvart kommunalområde. Det er sett ned ei administrativ gruppe som skal koordinera og vera pådrivarar for digitalisering i organisasjonen, og det er sett strategiske mål for digitalisering av organisasjonen. Dette arbeidet vert samordna med smartstrategiarbeidet og vil også påverka revideringa av IKT-strategien, som vert ein plan for digitalisering og infrastruktur.

For å kvalitetssikra og effektivisera plan- og prosjektarbeid i heile organisasjonen er det i 2016 gjennomført eit innovasjonsprosjekt som har ført til nye rutinar og utvikling av eit nytt prosjektverktøy. Prosjektet held fram i perioden for å implementera rutinar og verktøy i heile organisasjonen.

Jæren kemnerkontor

Time kommune er vertskommune for kemnerkontoret som driv ei effektiv og serviceinnstilt teneste for innbyggjarane på Jæren.

Det er forslag om at Skatt Vest si avdeling på Bryne skal leggjast ned seinast innan 2019.

Kemnerkontoret har i dag eit godt samarbeid med Brynekontoret, noko som gjev betre effektivitet og ikkje minst betre service til innbyggjarane våre. Både effektivitet og servicen for kemnerkontoret vert dårlegare med ei sentralisering av skattekontora.



Næring

Gjennom aktiv dialog og føreseielege rammevilkår vil kommunen bidra til å ta vare på og å bidra til å utvikla eit brent næringsliv. Næringsstrategien 2015-2020 er førande for kommunen sin innsats mot næringslivet.


For tida er det fokus på å få etablert nye bedrifter og nye arbeidsplassar. For å fremja utvikling og aktivitet er det ønskeleg å ha avklarte forventningar og roller og om mogleg bidra til forpliktande samarbeid mellom ulike grupperingar i næringslivet.

For vidare byutvikling er samspel med utbyggjarar, gardseigarar og andre næringsdrivande viktig. Styringsgruppa for byutvikling er det viktigaste forumet for dette arbeidet. Sentrumssplanen gjev mange moglegheiter for ny aktivitet. Det vert også belyst i den årlege Bykonferansen.

Kommunen har berre ei næringstomt på 5 daa for sal. I samband med revisjon av arealdelen vil det verta vurdert behov for nytt areal til næringsverksemder. Kommunen ser moglegheiter for auka aktivitet i etablerte næringsområde, og vil støtta opp under omforming av gamle næringsområde.

Time kommune har vore ein av initiativtakarane til den nye Grunder Arena Jæren, og det er innarbeidd tilskotsmidlar til eit tre-årig prosjekt som Jæren produktutvikling forvaltar. Prosjektet har som mål å gje nye arbeidsledige med god kompetanse, kapasitet og grundereigenskapar nye jobbmoglegheiter raskt og eventuelt starte nye verksemder.

Time kommune vil vera pådrivar og tilretteleggjar for nettverk som ivaretok det lokale næringslivet sitt behov for samhandling knytt til eksport, slik Alloyance (bedriftsnettverk for mekanisk industri) og den årlege eksportdagen er eksempel på.



Talet på sysselsette med arbeidsstad i kommunen gjekk ned med 388 frå 2014 til 2015, og var ved utgangen av året 7 529.

Kyrkja

Kyrkja har fått inflasjonsjustert tilskotet. Midlar til utarbeiding av plan for verneverdige kulturminner er avsett i 2017.

Det er avsett midlar til delfinansiering av utbetring av skade på Frøyland/Orstad kyrkje. Undheim kapell har råteskadar i tak og kommunen har avsett midlar til finansiering av utbetringa. Fellesrådet har også søkt om midlar til vedlikehald av Undheim kapell på 0,3 millionar kroner, men dette er ikke lagt inn i budsjettforslaget.

Kyrkjeleg fellesråd planlegg ny barnehage på Stemmen på Bryne med ferdigstilling hausten 2018. Utvida gravplass ved Time kyrkje vert ferdigstilt i 2017.

Prosjekta er også omtala i investeringsbudsjettet i kap. 8.2.

6.4.2 Mål for langtidsperioden

- Vera ein føregangskommune med ei løsningsorientert saksbehandling
- Arbeida for å etablera forpliktande samarbeid med gardseigarar og andre næringsdrivande i Bryne sentrum
- Kommunen vil leggja vekt på å omforma gamle næringsområde og starta arbeidet med å etablera nye
- Nutta arbeidsspraksis i kommunen for å redusera talet på personar som har sosialhjelp som hovudinntekt
- Bidra til at unge i etableringsfasen og andre prioriterte målgrupper kjem inn på bustadmarknaden
- Oppnå innsparinger gjennom rasjonelle innkjøpsprosessar og bestillarkompetanse
- Arbeida aktivt mot organisert kriminalitet og sosial dumping i leverandørkjedene
- Alle dokumentmalar kommunen bruker skal vera kvalitetssikra for klart språk
- Auka den digitale kompetansen i kommuneorganisasjonen og lokalsamfunnet
- 80 % av dialogen mellom kommune og innbyggjarar skal vera digital i 2018

6.4.3 Tiltak i 2017

Politiske organ

- Innføra ny politikarportal for å effektivisera administrasjon og gjera saksdokument meir tilgjengelege for dei folkevalde

Kommunikasjon

- Utarbeida ny grafisk profil
- Gjennomføra innbyggjartesting av kommunale skriv og gå gjennom dokumentmalar for å sikra klart språk i ei avdeling i kvart tenesteområde
- Revidera kommunikasjonsstrategien i samarbeid med tenesteleiarar og politikarar

Administrasjon

- Implementera nytt regelverk for offentlege innkjøp
- Utarbeida strategi for digitalisering og teknologisk infrastruktur, som erstattar IKT-strategien
- Laga handlingsplanar for digitalisering i kvart tenesteområde
- Implementera rutinar og verktøy for plan- og prosjektarbeid i organisasjonen
- Tilgjena oss kompetanse på innovative innkjøp

Næring

- Invitera bedrifter på Håland/Svertingstad til samarbeid om høgare utnyttelse av nåverande næringsareal
- Arrangera to til fire næringstreff med aktuelle tema
- Oppdatera Attraktivitetsanalysen til Bykonferansen 2017
- Vurdera etablering av turistkontor i sentrum
- Støtta opp om Jærmalarane som reiselivsprosjekt
- Vurdera el-by-sykkelordning i Bryne i samarbeid med næringslivet
- Analysera og setja i verk forenklings- og forbetringstiltak av saksbehandlingsprosessar



6.4.4 Tabell over netto utgiftsrammer tildelt tenesteområdet

Stabstenester Netto driftsutgifter (1000 kr)	Rekneskap		Økonomiplan				2016- 2017
	2015	2016	2017	2018	2019	2020	
Politiske organ	7 693	7 376	7 368	7 088	7 738	7 288	-0,1 %
Administrasjon	40 489	43 230	44 237	44 127	43 927	43 927	2,3 %
Jæren kemnerkontor	1 609	1 984	2 068	2 068	2 068	2 068	4,2 %
Næring	2 251	2 169	2 406	2 406	2 286	2 286	10,9 %
Kyrkja	7 832	8 443	8 618	8 518	8 518	8 518	2,1 %
Diverse fellesutgifter	2 208	2 796	3 478	3 478	3 478	3 478	24,4 %
Rammeredusjon			0	-700	-1 400	-1 200	
Sum netto driftsutgifter	62 082	65 998	68 175	66 985	66 615	66 365	3,3 %

6.4.5 Endringar med økonomiske konsekvensar i planperioden

- Stortingsval i 2017 med ein kostnad på 0,4 millionar kroner
- Kommuneval i 2019 med ein kostnad 0,6 millionar kroner
- Årleg støtte til prosjektet Grunder Arena Jæren på 120 000 kroner for 2016-2018
- Utarbeida ny profilmanual i 2017 til ein kostnad på 150 000 kroner
- Ny politikarportal i 2017 til 125 000 og ein årleg driftskostand på 75 000 kroner
- Tilskot til Kyrkjeleg fellesråd er auka med 100 000 kroner til å utarbeida verneverdighegravminnere

6.4.6 Oversikt over personalressursar

Stabstenester	31.12.2016	Nye	Redusert	31.12.2017
Administrasjon	48,7			48,7
Jæren kemnerkontor	9,5			9,5
Næring	1,0			1,0
Diverse fellesutgifter	5,6			5,6
Årsverk i alt	64,8			64,8

7. Kommunen som arbeidsgjevar

7.1 Status og utfordringar

Time kommune skal satsa meir systematisk på kompetanseheving, rekruttering og oppfølging av sjukefråvær. Me må verta ein meir attraktiv arbeidsgjevar. I tillegg må me auka nærværet og styrkja kompetansen for å levera dei beste tenestene i eit samfunn i endring.

Tilsette

	31.12.2016	Nye	Redusert	31.12.2017
Oppvekst	566,5	6,0	-9,8	562,7
Omsorg	348,2	9,4	-0,6	357,0
Samfunn	186,1	6,5	-0,3	192,9
Stabstenester	64,8	-	-	64,8
Arsverk i alt	1 165,6	21,9	-10,6	1 177,4

Oversikta inkluderer alle årsverka for tilsette i Time kommune, også dei som jobbar i interkommunale tiltak der Time er vertskommune.

Rekruttering

Å sikra god rekruttering er ei kritisk oppgåve for kommunen, både å få nok og rett kompetanse til å gje innbyggjarane gode tenester. Kommunen vil fortsetta med å kvalitetssikra rekrutteringsprosessen, og organisasjonsavdelinga tilbyr både strategisk rettleiing og praktisk hjelp ved intervju og val av kandidatar.

Lærlingar

Time kommune er ein opplæringsinstitusjon for lærlingar. Me har eit samfunnsansvar for å gje lære plassar, og lærlingane er viktig for den framtidige rekrutteringa. Me har ein kvote på 23 lære plassar på ein to-årsperiode. Me har nå 21 lære plassar, og desse er fordelt med 9 lære plassar for 1. års lærlingar og 12 lære plassar for 2. års lærlingar. Me arbeider med å oppfylla denne kvoten. Me har lærlingar innan faga omsorgsarbeidar, institusjonskokk og barne- og ungdomsarbeidar. I 2017 ønskjer me å ta inn lærlingar i andre fag, som anleggsgartnar og IKT. Kommunen samarbeider med nabokommunar i rekrutteringsarbeidet.

Kompetansebygging

Time kommune må arbeida strategisk og systematisk med kompetanse. Tilsette med rett kompetanse er med på å sikra at kommunen leverer gode tenester. Me vil definera kompetansekrav, behov og utfordringar i kommunalområda, og utforma tiltak som kan dekka desse.

Satsingsområde på tvers av tenesteområda:

- Auka digital kompetanse
- Innovasjon
- Auka fleirkulturell kompetanse i møte med brukarane
- Auka kompetansen til dei tilsette innan psykisk helse
- Kvalitetssikra rekrutteringsprosessar
- Styrka leiarkompetansen
- Rettleiing av nyutdanna tilsette
- Motivera dei ufaglærte til å ta fagbrev innan yrket sitt

I oppvekst arbeidar me vidare med å gje lærarane kompetanse som oppfyller lovkrav til utdanning. I barnehagane treng me fleire med kompetanse som barnehagelærarar og fleire fagarbeidrarar i barne- og ungdomsarbeid. I samfunn arbeidar me med å spissa kompetanse etter behov. Ernæring, demens, etikk og kompetanseheving innan psykisk helse er satsingsområde for omsorg.

Kvalitet og internkontroll

I komande år vil kommunen fortsetta arbeidet med å overføra rutinar og retningslinjer til det elektroniske kvalitetssystemet for å sikra at desse er tilgjengeleg og oppdaterte. Me vil implementera rapporteringssystemet for oppfølging av sentrale og kritiske oppgåver, og evaluere dette i rådmannen sitt kvalitetsutval.



Sjukefråvær

I 2017 vil me fortsetta dei faste samarbeidsmøta mellom kommunen og NAV for å styrka samarbeidet rundt blant anna sjukefråvårsoppfølging. Verksemder som har meir enn 8 % fråvær skal gjennomføra kartleggingsprosessar og laga konkrete planar for korleis dei skal auka nærværet. Leiarane vil få individuell oppfølging frå kommunalsjefen og bistand frå organisasjonsavdelinga, eventuelt også bedriftshelsetenesta og NAV. Det vil parallelt verta starta målretta prosessar i samarbeid med tillitsvalde og verneombod kor ein kartlegg og aukar nærvårsfaktorane og sett fokus på korleis haldningar og kultur påverkar nærvær og fråvær.

Me vil arrangera fagdagar og morgonmøte for leiarar med personalansvar med fokus på blant anna sjukefråvårsoppfølging og rekruttering. Det vil verta utarbeidd opplæringsplanar for nytilsette leiarar på områda sjukefråvårsoppfølging og IA-arbeid.

Kvalitativt, god sjukefråvårsoppfølging og målretta arbeid over tid med arbeidsmiljø og trivsel er ein nødvendig kombinasjon for å auka nærværet. Målet at ingen verksemd skal ha fråvær på over 8 %, og at kommunen innan utgangen 2020 skal ha eit samla sjukefråvær som er ned mot målet i IA-avtalen på 5,7 %.

Leiing

I 2017 skal me starta opp eit nytt leiarprogram. Programmet er modulbasert og tek utgangspunkt i leiarkjenneteikna i organisasjonskulturen vår. Eit av måla med programmet er å styrkja leiarane sin vilje og evne til å gjennomføra endringar som vil koma i tida framover. Programmet vil fokusera på leiaråtferd og vil innehalda praktisk trening.

Me vil gjennomføra eit endringsprosjekt i Omsorg i 2017. Målet er å etablira nye arbeidstidsordningar for å sikra kvalitet i tenesteleveringa og å etablira heiltidskultur.

Lønn

Dei sentrale partane har avtalt eit nytt lønnssystem. Time kommune må evaluera eige system og saman med fagorganisasjonane laga eit nytt lønnssystem som er tilpassa det sentrale systemet.

Likebehandling og likestilling

Kommunen ønsker eit mangfoldig arbeidsmiljø som sikrar at me rekrutterer og beheld gode tilsette, uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, funksjonsevne, seksuell orientering eller alder. For å tydeleggjera kommunen sitt engasjement for dette arbeidet, treng me å utarbeida ein overordna plan for likebehandling og likestilling. I tillegg vil me gje kompetanseheving til dei tilsette på fleirkulturelle møter, for å skapa god forståing for mangfold, gode haldningar og bevisstgjering. Kommunen sitt arbeid med heiltidskultur i omsorg er og eit tiltak som fremmar likestilling.

Seniorpolitikk og pensjon

I seniorpolitikken og den nye pensjonsreforma vert det understreka at målet er å få fleire til å stå lenger i arbeid. For å realisera måla, må kommunen leggja til rette for eit godt og helsefremjande arbeidsmiljø, ha tiltak som gjer at senioren vert i arbeidet og kontinuerlig utvikla seniorane sin kompetanse og motivasjon.

Seniorpolitikken skal revidearst og implementerast på ny i 2017. Det vert lagt vekt på leiaren si rolle i motivasjon og tilrettelegging for den enkelte senior.

7.2 Mål for langtidsperioden

- Time kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar med godt omdømme
- Kommunen skal vera ei lærande bedrift som satsar på digitalisering, innovasjon og omstilling
- Sjukefråværet skal reduserast til 5,7 %
- Tilsette skal ha kompetanse for å meistra eit meir digitalisert arbeidsliv

7.3 Tiltak i 2017

- Utarbeida plan for mangfald og likebehandling
- Arrangera fellesarrangement for alle tilsette i kommunen
- Laga ein samla kompetanseplan for tenesteområda og stabane
- Ta inn lærlingar i nye fag og fylla kvoten på 25 lærlingar
- Einingar med sjukefråvær over 8 % skal setja i gang tiltak
- Organisasjonsavdelinga skal delta i rekruttering av leiarar
- Opplæring i kommunikasjon og fleirkulturell forståing
- Utarbeida nye arbeidstidsordningar i Omsorg for å auka kvaliteten i tenesteleveringa og for å skapa ein kultur for heiltidsarbeid
- Implementera ny seniorpolitikk

8. Investeringar for langtidsperioden og årsbudsjett for 2017

Folkeveksten i kommunen har minka dei siste åra. Likevel har kommunen auke i elevtalet i skulen og store investeringeskostnader går til å utvida og byggja nye skular.

Samla framlegg til investeringar i perioden 2017-2020 er på 804 millionar kroner. For å kunna gjennomføra investeringsplanen må 385 millionar kroner lånefinansierast. I tillegg tar me opp 125 millionar kroner i startlån til vidare utlån – av dette er 50 millionar kroner i 2017.

Investeringane i 2017 er på 341,3 millionar kroner og dei største prosjekta er tilbygga på Bryne ungdomsskule og Frøyland skule, omsorgsbustader i Stemmen burettslag, oppgradering av Bryne sentrum og kjøp av gamle Time vidaregåande skule. Utvidinga av Time gravplass kjem også i 2017 etter at me vedtok å utføra denne som eit motkonjunkturtiltak og dermed gjennomføra investeringane tidlegare enn planlagt. At prosjektet vart framskunda gav oss ei innsparing på vel 14 millionar kroner.

Investeringane i skule i perioden er på 319 millionar kroner. Då er refusjonen frå felles ungdomsskule med Klepp medrekna. I tillegg er ein framtidig Re skule utsett til etter planperioden.

Me har frå 2012 innarbeidd ei årleg inntekt på 1,5 millionar kroner frå Jæren Energi sin vindpark. Dette er ein avtale inngått mellom Jæren Energi, Time og Hå kommune. Avtalen fell bort om kommunen innfører eigedomsskatt. Inntektene skal brukast til miljøtiltak. Rådmannen foreslår at midlane i heile planperioden vert nytta til finansiering av tiltak knytt til friluftsliv slik det går fram av prosjekt 5904 Friluftsliv.

8.1 Totaloversikt – netto finansieringsbehov og finansiering

Beløp i mill. kr	Rekneskap		Økonomiplan			
	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Investeringsutgifter	228,3	235,6	341,3	137,4	145,5	179,5
Momskompensasjon	-27,2	-28,0	-55,9	-22,6	-24,9	-32,7
Investeringsinntekter	-105,7	-50,0	-61,1	-27,1	-45,4	-68,5
Tilskot Jæren Energi	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5
Netto finansieringsbehov	93,9	156,1	222,8	86,2	73,7	76,8
Tidlegare avsetningar	-20,5	2,3				
Ekstraordinære avdrag		-9,0				
Utlån startlån	-19,4	-25,0	-50,0	-25,0	-25,0	-25,0
Kjøp av aksjar og andelar	-1,9	-2,0	-2,0	-2,0	-2,0	-2,0
Netto startlån	0,9	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Avdrag Lyse	5,8	5,8	5,8	5,8	5,8	5,8
Overført frå drift	10,3	19,9	14,8	14,5	14,7	14,9
Låneopptak	125,5	155,1	254,2	92,9	80,2	83,1
Sum finansiering	91,7	156,1	222,8	86,2	73,7	76,8
Udekka/udisponert	-2,2					

Når me har prioritert prosjekta i perioden 2017-2020, har me tatt omsyn til politiske vedtak i førre økonomiplan og vedtak i løpet av 2016 som har konsekvensar for økonomiplanen.

Me har valt å prioritera følgjande større investeringsprosjekt:

- Rehabilitera bygg A og C av rådhuset
- Kjøp av Time vidaregåande skule
- Utvida skulekapasiteten på Frøyland og Bryne
- Byggja ny ungdomsskule saman med Klepp i Vardheia
- Rehabilitera og utvida Trollongane barnehage
- Byggja/kjøpa fleire kommunale utleigebustader
- Byggja Stemmen burettslag på Kvernaland
- Utvida gravplassen ved Time kyrkje
- Byggja nye fleirbruks-/idrettshallar på Kvernaland og Bryne
- Auka innsats i utbetringa av leikeplassar og ballbingar
- Utvida overvasskapasiteten i Bryne
- Oppgradera uteområda på begge sider langs Mølledammen

I tabellane som følgjer presenterer me investeringsprosjekta. Det er tenesteområdet Samfunn som har ansvaret for å gjennomføra byggjeprosjekta og dei fleste andre investeringane.

8.2 Investeringsprosjekt – tabellar og omtale

Administrasjon

Stabstenester Prosjekt	Prosjekt Budsjett	Før 2017					Etter 2020
			2017	2018	2019	2020	
1101 IKT Investeringar - felles	10 000		2 500	2 500	2 500	2 500	
1103 IKT Investeringar - skular	4 000		1 000	1 000	1 000	1 000	
1105 Digitalisering eigedomsarkiv	1 500		750	750			
1217 Rehabilitering rådhus Bygg A og C	26 400	1 500	12 500	12 400			
1217 Statstilskot 3. og 4. etg. Bygg C	-1 500	-1 500					
1218 Formannskapssal/ kommunestyresal	300		300				
1905 Eigenkapital KLP	10 000	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000	
5924 Kartbasar - fly	1 500			750	750		
Sum stabstenester	54 700	4 500	19 050	19 400	6 250	5 500	

1101 IKT Investeringar – felles

I perioden er det budsjettert med i alt 10 millionar kroner til IKT investeringar for den samla kommunale tenesteytinga, ekskl. skulane. Kontinuerleg oppgradering av programvare, innkjøp av nye program og opplæring på desse er ein vesentleg del av investeringane. Me får og ein god del utgifter på å utvida lagrings- og backupsistema våre. Nye system fordrar og utviding av serverparken med fleire sterke maskinar. Utbygging av trådlaust nettverk i institusjonar og omsorgsbustader for å kunna ta i bruk ny velferdsteknologi, vert ei prioritert satsing i perioden.



1103 IKT Investeringar – skular

Til skuleverksemda er det i perioden sett av i alt 4 millionar kroner til IKT investeringar. Oppgradering av trådlaust nettverk i skulane er snart gjennomført slik at nettbrettprosjektet kan utvidast. Det er fortsatt einingar som ikkje har fibertilgang. Kostnadene er elles relaterte til infrastruktur, IKT-utstyr, programvare, m.m.

1105 Digitalisering egedomsarkiv

Prosjektet gjeld digitalisering av egedomsarkivet i kommunen.

1217 Rehabilitering rådhus Bygg A og C

Rehabilitering av eldste del av rådhuset, bygg A, og mindre delar av bygg C er planlagt gjennomført i 2017-2018. Det er sett av 26,4 millionar kroner til arbeidet.

1217 Formannskapssal/kommunestyre

Det er i 2017 sett av 300 000 kroner til planlegging av rehabilitering/påbygging av bygg B, det vil seia formannskaps- og kommunestyresalen og andre delar her.

1905 Eigenkapital i KLP

Kommunen har pensjonsordning i KLP som er eit gjensidig selskap. Når forvaltningskapitalen aukar, aukar behovet for eigenkapital som me må ta vår del av.

5924 Kartbasar – fly

Prosjektet gjeld periodisk vedlikehald og oppgradering av kartbasar/kartgrunnlag i geovekst samarbeidet i Rogaland.

Skular og barnehagar

Skular og barnehagar Prosjekt	Prosjekt Budsjett	Før 2017	2017	2018	2019	2020	Etter 2020
2203 Mindre ombyggingar - oppvekst	6 500		2 000	1 500	1 500	1 500	
2229 Kjøp av vidaregåande skular	63 000	25 000	38 000				
2235 Undheim skule - uteområde	4 240	4 240					
2235 Undheim skule - spelemidlar og tilskot	-600		-600				
2237 Bryne kompetansesenter	10 800	6 800	4 000				
2239 Rehabilitering Time vgs	6 000	1 000	5 000				
2241 Bryne ungdomsskule	68 200	24 000	44 200				
2242 Ny skule Vardheia	254 400	29 500	3 000	27 500	94 400	100 000	
2242 Ny skule Vardheia - refusjon frå Klepp (eks momskomp)	-105 000	-15 000	-1 200	-11 000	-37 800	-40 000	
2243 Frøyland skule	75 000	45 500	29 500				
2244 Ny skule Re	300 000						300 000
2246 Brannsikring/ oppgradering skulebygg	2 000	1 500	500				
2250 Lye skule - rehabilitering	2 700		2 700				
2250 Lye skule - statstilskot rehabilitering	-2 419		-2 419				
2317 Trollongane barnehage	39 000	1 850	5 000	30 000	2 150		
Sum skular og barnehagar	723 821	124 390	129 681	48 000	60 250	61 500	300 000

2203 Mindre ombyggingar – oppvekst

I alt 6,5 millionar kroner er i perioden budsjettet til mindre ombyggingar i barnehagar og skular. Aktuelle tiltak er større vedlikehalds- og rehabiliteringsarbeid som ikkje er lagde inn i det ordinære driftsbudsjettet. Lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.

2229 Kjøp av vidaregåande skular

I investeringsbudsjettet er det sett av 38 millionar kroner i 2017 som restfinansiering av kjøpet av Bryne og Time vidaregåande skular.

2235 Undheim skule – uteområde

Prosjektet er ferdigstilt i 2016, men kjem med her då budsjettet tilskot kjem i 2017.

2237 Bryne kompetansesenter

For å kunna nytta gamle Bryne vidaregåande skule til passande kommunalt etterbruk, er det i perioden 2015–2017 sett av 10,8 millionar kroner til nødvendige rehabiliteringstiltak.

2239 Rehabilitering Time vidaregåande skule

Me tar formelt over Time vidaregåande skule frå hausten 2017. Det er nå sett av 5 millionar kroner i 2017 til nødvendig rehabilitering av bygget for å kunna nytta delar av skulen til kommunale formål. Aktuelle formål vil verta vurderte i eiga politisk sak tidleg i 2017, og kan medføra auka kostander alt etter kva avgjerd som vert gjort.

2241 Bryne ungdomsskule

Det er løyvd 68,2 millionar kroner til riving av framhaldsskulebygget og utviding av Bryne ungdomsskule frå 270 til 450 elevar. Utvida skule er planlagt ferdigstilt sommaren 2017.

2242 Ny skule Vardheia

I tråd med kommunestyrevedtak i september 2014 er det i heile perioden fram til 2020 sett av netto 149,4 millionar kroner til bygging av ny ungdomsskule saman med Klepp kommune i Vardheia. I tillegg kjem idrettshall, sjå prosjekt 2249.

2243 Frøyland skule

Det er løyvd 75 millionar kroner til utviding av Frøyland skule med planlagt ferdigstilling sommaren 2017. I tillegg kjem idrettshall, sjå prosjekt 2248.

2244 Ny skule Re

Etter planperioden er det sett av 300 millionar kroner til ny barneskule på Re.

2246 Brannsikring/oppgradering skulebygg

Prosjektet gjeld pålagt oppgradering av brannsikringstiltak i skulebygga.

2250 Lye skule – rehabilitering

Aktuelle tiltak er utskifting av om lag 100 vindauge, betra lydforholda i klasserom og oppføring av ein garasje for bil som vaktmeistertenesta på Lye skal nytta. Hovuddelen av prosjektet vert finansiert ved bruk av ekstra vedlikehaldsmidlar i statsbudsjettet for 2017.

2317 Trollongane barnehage

Til nødvendig rehabilitering og utviding av barnehagekapasitet i Trollongane barnehage er det sett av 39 millionar kroner fram til 2019. Endeleg val av løysing for barnehagen vil verta avklart når detaljreguleringsplanen for «Tunheimområdet» der barnehageområdet inngår, er godkjent i 2016/2017.



Omsorg

Omsorg Prosjekt	Prosjekt Budsjett	Før 2017	2017	2018	2019	2020	Etter 2020
3101 Velferdsteknologi	2 000		500	500	500	500	
3202 Mindre ombyggingar - omsorg	6 000	1 000	1 500	1 500	1 000	1 000	
3213 Kommunale bustader	32 000	4 000	4 000	8 000	8 000	8 000	
3213 Kommunale bustader - statstilskott	-11 200	-1 400	-1 400	-2 800	-2 800	-2 800	
3232 Rehabilitering kommunale utleigebustader	5 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	
3240 Bjønnholen 4 bustader	8 500	4 000	4 500				
3240 Bjønnholen 4 bustader - statstilskot	-3 000		-3 000				
3241 Bryneheimen - utvendige fasadar	1 000		1 000				
3242 Møbler institusjon	400		400				
3243 Takheis demensavdeling	400		400				
3261 Stemmen burettslag	28 100		28 100				
3261 Stemmen burettslag	-25 200		-25 200				
3260 Omsorgsenter Kverneland	148 600	148 600					
3260 Omsorgsenter Kverneland - inntekter	-28 700	-15 260	-6 720	-6 720			
Sum omsorg	163 900	141 940	5 080	1 480	7 700	7 700	

3103 Velferdsteknologi

Prosjektet gjeld kjøp av ny brukar- og tenesteretta velferdsteknologi innan Omsorg i tråd med digitalisering av samfunnet.

3202 Mindre ombyggingar – omsorg

I perioden er det sett av i alt 5 millionar kroner til mindre ombyggingar og større vedlikehaldsarbeid av helse- og sosialbygg. Lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.

3213 Kommunale bustader

Det er budsjettert med i alt 18,2 millionar kroner nettoutgifter i perioden til bygging og/eller kjøp av bustader til sosialt vanskelegstilte og nye flyktingar. Det vert nytta startlån og etableringstilskot som finansieringshjelp, slik at fleire brukarar kan kjøpa eigen bustad.

3232 Rehabilitering kommunale utleigebustader

Prosjektet gjeld handtering av dei store rehabiliteringsfordringane me har i dei kommunale utleigebustadene våre. I perioden er det sett av 4 millionar kroner til dette vedlikehaldet.

3240 Bjønnholen 4 bustader

På kommunal tomt i Bjønnholen, Undheim, vert det planlagt riving av eldre bustader og bygging av fem nye utleigebustader i 2016-2017.

3241 Bryneheimen – utvendige fasadar

Prosjektet gjeld større vedlikehald av fasadane på delar av Bryneheimen.

3242 Møbler institusjon

Det er sett av 400 000 kroner i 2017 til utskifting av møblar på Bryneheimen og i Sivdamheimen.

3243 Takheis demensavdeling

Det er sett av 400 000 kroner i 2017 til installering av nødvendige takheisar i Sivdamheimen.

3260 Omsorgssenter Kvernaland

Omsorgssenteret er bygd og tatt i bruk. Prosjektet ligg inne i denne planperioden då det budsjetterte statlege investeringstilskotet ikkje er utbetalt ennå.

3261 Stemmen burettslag

Prosjektet gjeld sju nye sjølveigde omsorgsbustader for funksjonshemma ungdommar i Stemmen burettslag på Kvernaland, med tilhøyrande kommunal personalbase. Forprosjektet viste ein netto kostnad for kommunen på 2,5 millionar kroner, jf. k.sak 025/16. Prosjektkostnadene er nå justerte etter innhenta anbod som samla sett viser auke i netto kostnader for kommunen på 400 000 kroner, det vil seia til i alt 2,9 millionar kroner.

Diverse bygg Prosjekt	Prosjekt Budsjett	Før 2017					Etter 2020
			2017	2018	2019	2020	
1213 Rehabilitering - ventilasjonsanlegg	16 000	7 000	3 000	3 000	3 000		
1214 Revisjon elektriske anlegg	1 500		500	500	500		
1219 Låseautomatikk - samordning	200		200				
2236 Avfallskontainrar	3 000	2 000	500	500			
3219 UU-prosjekt kommunale bygg	3 500	500	1 500	1 500			
5929 Brannstasjon Bryne -dagkaserner	9 400	4 500	4 900				
Sum diverse bygg	33 600	14 000	10 600	5 500	3 500		

1213 Rehabilitering – ventilasjonsanlegg

I perioden 2017–2019 er det sett av 9 millionar kroner til rehabilitering av ventilasjonsanlegg i heile den kommunale bygningsmassen.

1214 Revisjon elektriske anlegg

Til nødvendig revisjon av elektriske anlegg etter tilsyn i den samla kommunale bustadmassen er det sett av 1,5 millionar kroner i perioden.

1219 Låseautomatikk – samordning

Det er lagt inn 200 000 kroner i 2017 til samordna låseautomatikk i delar av den samla kommunale bustadmassen.

2236 Avfallskonteinarar

I planperioden er det i alt sett av 1 million kroner til å fortsetja arbeidet med etablering av nedgravne avfallskonteinarar ved skular og barnehagar, primært som brannførebyggjande tiltak.

3219 UU-prosjekt kommunale bygg

Det er sett av 3 millionar kroner i planperioden. Midlane inngår som første fase i arbeidet med å gjera alle kommunale bygg universelt tilgjengelege.

5929 Brannstasjon Bryne – dagkassernering

Det er stilt krav om felles dagkassernert brannvernordning for Klepp og Time tidleg i langtidsperioden grunna samla innbyggjartal i tettstaden Bryne. Bryne brannstasjon vil verta noko ombygd for å kunna løysa ordninga for Klepp og Time på dagtid. Denne midlertidige løysinga før eventuelt behov for døgnkassernert brannvernordning ser me for oss vil vara i minst 10 år. Avsett løyving til ombygginga vil verta belasta alle eigarkommunane i Rogaland brann og redning IKS via auka husleige for brannstasjonslokale.

Kyrkje

Prosjekt Kyrkje	Prosjekt Budsjett	Før 2017	Utgift				Etter 2020
			2017	2018	2019	2020	
4503 Bryne kyrkje	11 050	10 050	1 000				
4511 Time kyrkje - gravplass	45 000	10 000	35 000				
4513 Undheim kyrkje	800		800				
4514 Frøyland/Orstad	300		300				
Sum kyrkje	57 150	20 050	37 100				

4503 Bryne kyrkje

Det er sett av 1 million kroner til utskifting av stolar i kyrkja.

4511 Time kyrkje – gravplass

Til kjøp og opparbeiding av større gravplassareal er det i 2016 løyvd totalt 45 millionar kroner. Hovuddelen av anleggsarbeidet vil verta utført i 2017.

4513 Undheim kyrkje

Taket er råteskada og treng rehabilitering. Det er foreslått å skifta tak frå sibirsk lerk til skifer som er meir vedlikehaldsfritt.

4514 Frøyland/Orstad

Det er sopp- og råteskadar etter inntrenging av vatn og store rehabiliteringsarbeid må gjennomførast. Kostnadane er fordelt mellom entreprenørar, stiftelsen og Klepp og Time kommune.

Kultur, idrett og friluftsliv

Prosjekt	Prosjekt Budsjett	Før 2017	Utgift				Etter 2020
			2017	2018	2019	2020	
Kultur							
4309 Mindre ombyggingar kulturygg	1 500			500	500	500	
4311 Kulturygga Garborgheimen, Knudaheio, Træ og Fotland Mølle	2 500	1 500	1 000				
4215 Planlegging Tangenområde	1 000			1 000			
4454 Storstova utstyr	7 813	5 813			1 000	1 000	
4454 Storstova rehabilitering	5 350	3 850		500	500	500	
4463 Bryne kino - utstyr	11 300		11 300				
Idrett							
2248 Kvernaland fleirbrukshall	25 000		25 000				
2248 Kvernaland fleirbrukshall - spelemidlar	-7 000		-7 000				
2249 Vardheiå fleirbrukshall	41 300				41 300		
2249 Vardheiå fleirbrukshall - inntekter	-21 500				-21 500		
4206 Rossaland kunstgras	6 000	2 000	4 000				
4206 Rossaland kunstgras	-1 000		-1 000				
Friluftsliv							
5903 Utbetring leikeplassar/ballbingar	11 650	750	3 250	3 650	3 250	3 000	
5903 Leikeplassar/ballbingar - tilskot	-1 900		-500	-900	-500	-500	
5904 Friluftsliv - diverse prosjekt	6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
5915 Nærmiljøanlegg	2 000		400	800	400	400	
5915 Nærmiljøanlegg - spelemidlar/tilskot	-1 200		-200	-600	-200	-200	
5922 Bru - Sandtangen	1 500				1 500		
5930 Lys Sandtangen - restutskifting	1 800			1 800			
5930 Lys Sandtangen - spelemidlar	-600			-600			
Sum kultur, idrett og friluftsliv	91 513	13 913	37 750	6 450	7 650	27 500	

4309 Mindre ombyggingar kulturbygg

I perioden er det sett av i alt 1,5 millionar kroner til mindre ombyggingar og større vedlikehaldsarbeid av kulturbygg. Lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løying.

4311 Kulturbygga Garborgheimen, Knudaheio

I perioden 2015–2017 er det sett av 2,5 millionar kroner til brannsprinklaranlegg i bygga og til rehabilitering av taka på Garborgheimen og Knudaheio. Arbeidet vert utført av Jærmuseet.

4215 Planlegging Tangenområde

Det er sett av 1 million kroner i 2018 til planleggingsmidlar for framtidig idretts- og aktivitetsområde på Tangen, Bryne.

4454 Storstova

I slutten av perioden er det budsjettert med i alt 3,5 millionar kroner til nødvendig rehabiliteringsarbeid av Storstova, og utskifting og oppgradering av nødvendig teknisk utstyr.

4465 Bryne kino – utstyr

Det er i 2017 løyvd 11,3 millionar kroner til nytt kinoteknisk utstyr i ny kino Bryne Torgsenter i Bryne.

2248 Kvernaland fleirbrukskall

I forbindelse med utviding av Frøyland skule vert det bygd ny fleirbrukskall til netto 18 millionar kroner.

2249 Vardheia fleirbrukskall

I samband med bygging av ny ungdomsskule i Vardheia vert det bygd ny fleirbrukskall til netto 19,8 millionar kroner etter frådrag av spelemidlar og Klepp kommune sin del.

4206 Rossaland kunstgras

Det er budsjettert med 5 millionar kroner netto til utskifting av kunstgraset og noko oppgradering av anlegget i 2016-2017.

5903 Utbetring leikeplassar/ballbingar

I planperioden er det sett av i alt 10,75 millionar kroner netto til utbetring av leikeplassar. Lokal utvikling prioriterer årleg mellom aktuelle tiltak innanfor rammeløyvinga.

5904 Friuftsliv

Kommunen vil årleg bruka 1,5 millionar kroner av kommunale midlar til friuftslivstiltak. Dette er midlane kommunen årleg mottek frå Jæren Energi sin vindpark. I tillegg kjem venta tilskot frå andre eksterne støtteordningar. Prioriterte tiltak er i samsvar med «Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friuftsliv 2016-2026».

Det er budsjettert med i alt seks millionar kroner i perioden til nye friuftslivstiltak og oppgradering av eksisterande tiltak. Venta tilskot frå ulike eksterne støtteordningar utgjer vel fire millionar kroner.

Tiltak (1 000 kr)	Stad	Finansiering		År
		Kommunen	Tilskot	
Turveg og sikring	Eivindsholtjørn	400	400	2017
Lys	Eivindsholtjørn	400	400	2017
Skilting av nærturar	Heile kommunen	75	75	2017
Skilt tilgjenge til barnehagar og skular	Heile kommunen	60		2017
Skilting i turområde	Sælandsskogen	30		2017
Skilting i turområde	Sandtangen	30		2017
Tursti og sikring	Tjoatjødn	400	400	2017
Kvilebenkar	Tjoatjødn	50		2017
Gapahuk	Ulvatjørn	30	70	2017
Infotavler Ti turar i Time	Heile kommunen	45	45	2017
Sikring og istandsetting	Smieparken	300	300	2018
Toalett	Tjoatjødn	200		2018
Kvilebenkar	Kalbergskogen	100		2018
Skilting i turområde	Kalbergskogen	35		2018
Turveg	Kvåleskogen	400	400	2018
Informasjonskampanje om allemannsrett og plikt	Heile kommunen	300		2018
Istandsetting av fiskeplass for handikappe	Garpestad	100	30	2018
Sikring og istandsetting	Smokkevatn	400	400	2019
Kvilebenkar	Smokkevatn	30		2019
Skilting i turområde	Njåskogen	30		2019
Ridesti	Njåskogen	150	150	2019
Gapahuk	Njåskogen	100		2019
Toalett	Eivindsholtjørn	200		2019
Oppussing av Siribu	Njåskogen	100		2019
